

ORDFØRAR
RÅDMANN

REGIONRÅD VEST

INNKALLING TIL STYREMØTE

Mandag 13. Desember 2010 kl. 09.00 – 12.00

Fjell Rådhus

Olav Martin Vik
Leiar

Per Hillestad
Sekretær

Saksliste:

Sak 39 . Innkalling

Sak 40. Referat (2 vedlegg)

Sak 41. Dialog næringsliv

Sak 42. Næringsssamarbeid

Sak 43. Komparative fortrinn

Sak 44. Felles Ansvar - Evaluering

Sak 45. Statusrapport - prosjekt

Sak 46. Budsjettprogram

Sak 47 Tinget i Vest

Sak 48. Tomteselskap

Sak 49. Møteplan 2011

Sak 50. Samferdsel

Sak 51. Meldingar, Status m.v.

Sak 52. Eventuelt

Elektroniske vedlegg:

- SAK 40 - Referat seminar
- SAK 40 - referat 30.08.2010
- SAK 42 - oppfølging av BRBs SNP
- SAK 43 - Komparative fortrinn

Til sak 44 – Felles Ansvar:

- Oppsummering av forprosjektet
- Sluttrapport 30.09.10
- Vedlegg prosjektplan 29.10.10
- SAK 44-Brev sponsor

- SAK 45-Status prosjekter
- SAK 46-BUDSJETTPROGRAM 2011 v2
- SAK 48-Tomteselskap
- SAK 51 Klimapolitisk nettverk
- SAK 51 LMS-løypemelding

Sak 39. Innkalling

Sak 40. Referat (2 vedlegg)

Sak 41. Kva kan Regionrådet Vest gjera for næringslivet – dialog

Dialog mellom Vest Næringsråd VNR, Askøy Næringslivsforening (ANF), Gode Sirklar as, næringsssjefen Askøy kommune og Regionrådet Vest.

Formålet er å avklare forventningar og vidare samarbeid.

Sak 42. Næringsssamarbeid (vedlegg)

Styret har tidligare diskutert eit tettare næringsssamarbeid i regionen, og har trekt fram Gode Sirklar som eit felles verktøy. Styremøtet 30.august ble oppsummert med:

- *Gode Sirklar ynskjer å ta eit initiativ til eit vidare utviklande prosjektarbeid i næringsplanssamanheng.*
- *Arbeidet med samordning av Gode Sirklar og næringsfunksjonen i Askøy held fram.*
- *Regionrådet Vest kan og ha ein forankrande og koordinerande funksjon i samhandlinga mellom dei einskilte kommunane og BRB.*

Gode Sirklar har nå lagt fram eit forslag til oppfølging av BRB sin næringsplan i Region Vest. Forslaget omhandlar etablering av eit prosjekt med ein bredt samansatt styringsgruppe frå næringsliv og forvaltning, og kor Gode Sirklar og næringsssjefen i Askøy kommune utgjør den operative ressurs for gjennomføring.

Rådmannsgruppa hadde saka oppe til drøfting 6.desember, og ser gjerne ei avklaring m.o.t. Askøy si deltaking i Gode Sirklar AS før vidare framdrift.

Saka vert lagt fram for drøfting.

Sak 43. Komparative fortrinn (vedlegg)

Styret har bedt om å få gjennomført ei analyse av regionens komparative fortrinn. Gode Sirklar har blitt forspurt om å leie dette arbeidet, og har lagt fram ei prosjektskisse. Det er naudsynt å avklare dei økonomiske rammene for arbeidet.

Rådmannsgruppa hadde saka oppe til drøfting 6.desember, og rår til at saka vert sett i samanheng med Agenda AS sin rapport vedkommande Regional utvikling og tenesteproduksjon.

Saka vert lagt fram for drøfting.

Sak 44. Felles Ansvar - Evaluering (4 vedlegg)

Forprosjektet har lagt fram sluttrapport og forslag til hovudprosjekt. Rapporten viser at det er god oppslutning kring visjon og målsetjingane til eit Felles Ansvar prosjekt og at det er betalingsvilje blant næringslivet og frivillige organisasjonar. Det er såleis eit grunnlag for å etablere eit hovudprosjekt – Felles Ansvar.

Rapporten synleggjør serskilt to faktorar som må avklarast før ein går i gang med eit prosjekt med lengre varigheit.

1. Organisering
2. Finansiering

Rådmannsgruppa behandla saka 6. desember og tilrår:

Askøy kommune legg fram ei skisse til løysing tufta på forprosjektet og sine røynsler. Skissa vert lagt fram i styremøtet.

Sak 45. Statusrapport – prosjekt (vedlegg)

Sekretariatet har utarbeidd ein statusrapport over prosjekt og anna samarbeid i regionen.

Konklusjon: Styret tek saka til orientering.

Sak 46. Budsjettprogram (vedlegg)

Sekretariatet har utarbeidd eit budsjettprogram for 2011 m/kosnadsoverslag.

Konklusjon: Styret sluttar seg til programmet.

Sak 47. Tinget i Vest

Førebuing til eit Ting i jan/feb.

Sak 48. Tomteselskap (vedlegg)

Rådmennene ber om å få styringssignal frå ordførarane om ein skal setja i gong utgreiingsarbeid vedkomande eit felles tomteselskap i dei fire kommunane.

Sak 49. Møteplan 2011

Forslag til møteplan 1. halvår 2011:

Rådmannsmøte	Styremøte
31. januar	
14. mars	21. mars
2. mai	
20. juni	27. juni

Sak 50. Samferdsel

Status Sotrasamband, vegutbygging på Askøy m.v.

Drøfting: Kva for rolle kan Regionrådet Vest ha med omsyn på vegutbygging i regionen?

Sak 51. Meldingar, Status m.v.

- Klimapolitisk møteplass (vedlegg)
- Lokalmedisinsk senter (LMS) – løypemelding dagsett 7/10-10. (vedlegg)

Sak 52. Eventuelt



Referat/oppsummering frå styresak på seminaret 28. september 2010-10-04

Til stades:

Ordførar Eli Årdal Berland
Ordførar Harald Nordstrand
Ordførar Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Torgeir Sæter
Rådmann Odd Magne Utkilen
Sekretær Per Hillestad
Sekretær Dag Thorvaldsen

Ordførar Knut Hanselmann var fråværande

Arbeidsprogram 2010, 2011 OG 2012

- **Oppfølging og implementering av igangsette prosjekt**

Styret ønskjer ein oversikt som synleggjer kva for prosjekt som er starta opp, kva for prosjekt som skal startast. Oversikten bør innehalde tidplan, status, kostnader og kor kritisk prosjektet er for andre samarbeidstiltak mm.

Statusrapporten vert å senda ut i forkant av styremøta.

Forprosjektet Felles Ansvar legg fram sluttrapport i oktober. Styret behandlar denne før den går til behandling i kommunane.

- **Oppstart og oppfølging/implementering av planlagde prosjekt**

Jfr. ovannenmnde – gjeld og planlagde prosjekt.

Tinget i Vest kan og nyttast til å forankra prosjekta politisk. Neste møte i TiV bør vera ein ½ dags samling.

- **Fokus på vidareutvikling av regionen sine komparative fortrinn**

Gode Sirklar får i oppdrag å synleggjera/arbeida med og peika på regionen sine komparative fortrinn. Sekretariatet lagar ei bestilling til Gode Sirklar.

Fortrinna bør definerast saman med næringslivet (Vest næringsråd, Gode Sirklar, BRB,) og regionale styresmakter. Regionen bør og styrka sitt forhold til UiB og Høgskulen.

På neste styremøtet bør dei lokale næringslivsorganisasjonane inviteras til dialog. Kva kan RRV gjera for næringslivet – avklare forventningar.

- **Utvikling av sams næringsfunksjon i regionen**

Saka følgjar tidligare avgjerd: Dagens eigarkommunar avklarar framtida til Gode Sirklar og Askøy vert invitert til deltaking.

- **Oppfølging og fokus på dei store infrastrukturelle oppgåvene i regionen som er/vert planlagt**
- **Arbeid med og fokus på vidareutvikling av høgkompetent og eventuelt spesialisert kommunalt tenesteapparat i regionen tufta på den beste arbeidsdeling og den einskilde kommune sine fortrinn i samarbeidet.**

Avventar endeleg rapport frå Agenda Kaupang AS som vert grunnlaget for vidare arbeid.

- **Mange oppgaver/prosjekt er sett i gang/planlagde og det vert nærliggjande og truleg naudsynt å tenkja prioritering.**
- **Inspirasjon frå andre kan og vera nyttig. Vil det vera føremålstenleg med ein studietur? Sandnes, evt andre nabokommunar til Stavanger er til dømes trekt fram som gode føredøme.**

Studietur kan først skje våren 2011. Saka blir tatt opp seinare.

- **Eventuelt**

Det vart teke opp sal av sjukeheimsplassar frå Askøy kommune. Dei andre kommunane vert oppmoda til å gje attendemelding snarast.

Dei øvrige sakene vert å koma attende til/utsett.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I REGIONRÅDET VEST

Mandag 30. August 2010 kl. 09.00 – 12.00, Øygarden Rådhus

Til stades:

Ordførar Knut Hanselmann
Ordførar Eli Årdal Berland
Fungerande ordførar Harald Nordstrand
Ordførar Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Torgeir Sæter
Rådmann Odd Magne Utkilen
Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke
Sekretær Per Hillestad
Sekretær Dag Thorvaldsen

Sigmund Kvernes, Gode Sirklar møtte til sak 35

Styreleiar Olav Martin Vik leia møtet.

Saksliste:

- Sak 30. Innkalling
- Sak 31. Referat
- Sak 32. Prosjekt KartIKUS
- Sak 33. Felles IKT-prosjekt
- Sak 34. Tinget i Vest
- Sak 35. Næringsplan - oppfølging
- Sak 36. Underutval Region Vest - Samarbeidsutval helse
- Sak 37. Evaluering av Gode Sirklar as
- Sak 38. Meldingar, Status m.v.

Elektroniske vedlegg:

- Sak 30 SAK 30-MØTEREFERAT 2010-06-07
- Sak 32 SAK 32-Prosjektmandat KartIKUS
- Sak 33 SAK 33-PWC-Sluttrapport IKT-samarbeid
- Sak 33 SAK 33-Notat IKT-samarbeid
- Sak 37 SAK 37-evaluering gode sirklar
- Sak 38 SAK 38 Evaluering- SLT
- Sak 38 SAK 38 -Logo Regionrådet VEST
- Sak 38 SAK 38-Brevark Regionrådet VEST

Sak 30. Innkalling

Vedtak:: Innkallinga godkjent

Sak 31. Referat

Vedtak: Referat frå styremøte 7.juni godkjent

Sak 32. Prosjekt KartIKUS

Hovudleverandør av kartprogramvare, Norkart AS, har sagt opp sine driftsavtalar med alle kommunar i Noreg. Dette med verknad frå 1. jan 2010. Innkjøpsreglement tilseier open konkurranse i marknaden for etablering av ny programvare på området.

Eit fokusområde for samarbeid i regionen er byggesak/kart og oppmåling/arealplan, det er derfor eit ønskje at kommunane i regionen har lik programvare med tanke på effektivisering av kartrelatert verksemd.

Prosjekt KartIKUS skal etablera avtalar og løysingar basert på lik teknologi, og vil gjennom tilbodskonkurranse etablera lik programvare og avtalar, samt samarbeida om innføring, omstilling og opplæring. Fusa kommune har ytra ønskje om å vera med i dette arbeidet.

Rådmannsgruppa har i sitt møte 14. juni 2010 slutta seg til prosjektforslaget KartIKUS, og for sitt vedkommande gjeve samtykke til eit fellesskap med Fusa kommune, så lenge det ikkje hemmar samarbeidet. Økonomisk innsats vert å vurdere undervegs.

Vedtak: Styret i Regionråd Vest sluttar seg til det fremlagte prosjektforslaget KartIKUS. Økonomisk innsats vert å vurdere undervegs.

Sak 33. Forpliktende IKT-samarbeid i Region Vest

Bakgrunn:

Regionrådet Vest har peika på IKT som eit aktuelt samarbeidsområde i regionen. IKT-løysingar er ein nøkkefaktor for å få til tenestesamarbeid, og effektiv og framtidretta IKT-drift er ei felles utfordring. Øygarden kommune, i samråd med rådmannsmøte, tinga derfor i april i år konsultentselskapet PriceWaterhouseCoopers (PwC) til å gjera ei vurdering av grunnlaget for eit interkommunalt IKT-samarbeid i Region Vest, og mulige vinstar. Endelig rapport vart levert 28.06.10, og følg saka.

Rapporten konkluderer med at det administrativt er uttrykt positivitet og vilje til forpliktende IKT-samarbeid, at det er grunnlag for det, og vinstar å hente.

Rådmannsgruppen i Region Vest legg fram sak om interkommunalt IKT-samarbeid med følgjande tilråding:

1. Det blir etablert eit forpliktande IKT-samarbeid i Region Vest.
2. Perioden fram til 01.01.2013 er en interimfase der ein aktivt stakar ut kursen og legg premissene for et permanent samarbeid, og startar prosessen med å harmonisere fysisk infrastruktur, nettverk og systemløysingar.
3. Interimfasen blir organisert med en styringsgruppe. Det blir løyvd inntil 1 mill kr for gjennomføring av skisserte oppgaver.

Saka går vidare til politisk handsaming i dei fire kommunane med styret sitt vedtak som tilråding.

Vedtak: Styret i Regionråd Vest går inn for at det vert etablert eit forpliktande IKT- samarbeid som skissert. Løyvingar vert å gjera i budsjettsamanheng i samsvar med tilrådinga.

Sak 34. Tinget i Vest

Fylgjande enkle konsept kan leggjast til grunn for evt. etablering av Tinget i Vest:

Tinget vert samansett av formannskapa i dei 4 kommunane i Vest. Leiar i Regionråd Vest er Ordførar i Tinget i Vest. Det har møte 2 gonger i året og møtet går på omgang i dei 4 kommunane.

Tinget tar opp Utviklingssaker/tema for Region Vest til drøfting. Utvikling av Regionen og utvikling av organisasjonen/kommunane. Tinget er ein politisk verkstad og ein møteplass. Det vert ikkje føreteke votering eller teke avgjerder.

Tinget sin funksjon er å skapa eigartilhøve til utviklingstrekk i heile regionen. Regionrådet er Tinget sitt ”formannskap” som fastset kva som skal takast opp på Tinget.

Tinget har eigentleg allereie hatt sitt første møte – i Fjell Rådhus 10. mai d.å. då felles næringsplan var tema.

Vedtak: Styret i Regionråd Vest går inn for at Tinget i Vest vert etablert som skissert.

Sak 35. Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014, status i kommunane

Det vert vist til tidlegare handsaming i styret¹ og til fellesmøte der formannskapa i kommunane var til stades.

For at handsaminga av eit så stort antall vedtak skal være håndterbar, var det eit ønskje fra Business Region Bergen som koordinerende instans at innrettinga for vedtak vart gjort etter fylgjande mal:

1. I første punkt vart kommunane bedne å ta stilling til om dei kan slutte seg til hovodtrekka i næringsplanen eller ikkje.
2. I det andre punkt tar kommunane inn dei element dei meiner manglar og som bør følgje planen som eit tillegg – eller som
3. I tredje punkt tar kommunane inn dei element dei mener bør følgjast opp fra kommunen sjølv i eige handlingsprogram.

¹ Styrevedtak: 7.juni, Sak 26: Felles strategisk næringsplan. ”Styret i Regionråd Vest sluttar seg til den utarbeidde strategiske næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014 med perspektiv mot 2025 med føreliggjande visjon, hovodmål og strategiar. Styret i Regionråd Vest ser fram til å utvikla ytterlegare nærings samarbeid i regionen.”

Askøy og Øygarden kommuner har handsama planen i formannskapa og kommunestyra. Begge har gitt sin tilslutning til punkt 1.

Askøy har utdjupa punkta 2 og 3. (utdrag)

Punkt 2

- a) Fokusområde infrastruktur: Innarbeide visjonen om et veiprojekt mellom Mongstad og Kolsnes via nordre Askøy, kalt Sambandet Vest.
- b) Som del av videreføring av næringsarealprosjektet ha fokus på tilstrekkelig med næringsarealer til sjø.

Punkt 3

- a) Utvikle strategier, mål og tiltak for andre næringer som står sterkt på Askøy
- b) Utvikle ytterligere nærings samarbeidet i Region Vest
- c) Utvikle Askøymodellen i relasjon mellom skolesektoren og næringslivet, med fokus på faget utdanningsvalg, praksisnær undervisning og fagdagsmodellen

Øygarden har vedtatt følgjande i punkt 2:

Øygarden kommune vil i løpet av 2011 utforme ein lokal/regional næringspolitisk handlingsplan i samarbeid med Gode Sirklar og Regionråd Vest

Sund kommune:

Saka handsama i Saksgruppe næring og utvikling den 16.06. og skal til kommunestyret den 07. sept. Saksgruppa sluttar seg til punkt 1 og har følgjande tilråding til punkt 2:

Sund kommune vil særleg fylgja opp fylgjande satsingsområder under vidareføringa i eigen handlingsplan i samarbeid med Gode Sirklar:

- Maritime næringer
- Marine næringer
- Oppleving, kultur og reiseliv
- Media og kulturbasert næringsliv

Fjell kommune:

Saka var til handsaming 16. august i Formannskapet i Fjell. Den skal vidare til endeleg avgjerd i kommunestyret 26. august. Formannskapet slutta seg til punkt 1. Rådmannen skal fremja eigen sak for kommunestyret i høve til punkt 2 og 3.

Her vesentleg samanfall av interesser og engasjement i dei fire kommunane. Gode Sirklar er og i store trekk fellesnemnaren for engasjement.

Saka vart drøfta i vid forstand.

Sigmund Kvernes gjorde greie for status nærings samarbeidet, m.a:

- Dialog med BRB
- Samordning m/nærings sjef Askøy
- Trong for ekstraordinære midlar
- Implementering av energi/klimaplanar v/Hog og ynskje om samarbeid med Gode Sirklar
- Interaksjon Kommunestyra – Gode Sirklar.

Oppsummert:

- Gode Sirklar ynskjer å ta eit initiativ til eit vidare utviklande prosjektarbeid i næringsplanssamanheng.
- Arbeidet med samordning av Gode Sirklar og næringsfunksjonen i Askøy held fram.
- Regionrådet Vest kan og ha ein forankrande og koordinerende funksjon i samhandlinga mellom dei einskilde kommunane og BRB.

Styret drøfta og kommunikasjonstilhøva – dei store vegutfordringane og prosessen andsynes Bergen og planprosessen i Bergensområdet.

- Engasjement frå næringslivet vart peika på og synleggjort.
- Finansieringss spørsmålet er presserande og lyt løysast.
- Regionrådet Vest kan vera støttespelar i det vidare arbeidet. Sekretariatet tek nærare kontakt.

Vedta: Saka vert tatt til orientering.

Sak 36. Underutval Region Vest - Samarbeidsutval helse

Bakgrunn:

Som kjent er det etablert eit samarbeidsutval mellom Helse Bergen og kommunane i Bergensregionen. Situasjonen er no noko annleis ettersom Regionrådet Bergensregionen er under avvikling og Region Vest er etablert. Det reiser seg spørsmål om eit eige utval som representerer kommunane i Vest.

Rådmannsmøte drøfta denne saka på sitt møte 14. juni og gjorde mellom anna fylgjande vedtak:

- Det vert etablert eit eige underutvalg for kommunane som er tilslutta Regionrådet Vest. Når denne utvalsperioden er ute, bør samarbeidsutvalet delast i to likestilte utval.
- Sekretariatsfunksjonen for underutvalet vert lagt til Øygarden kommune. Rullering av sekretariatsfunksjonen vert å vurdera seinare. Helse Bergen vert orientert om vedtaket.....

Fylgjande vert å leggja til grunn:

Heimel:

Mandat for Underutvalet er heimla i gjeldande overordna samhandlingsavtale mellom primær- og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde, samt Samarbeidsutvalet for Bergensregionen sitt mandat.

Mål:

Siktemålet med Underutvalet er å skapa betre føresetnadar og rammer for ei vidareutvikling av helsetenesta gjennom styrka kommunikasjon og samarbeid mellom kommunane i Region Vest, og mellom kommunane og Helse Bergen.

Arbeidsoppgåver:

Underutvalet skal kunna:

- Foreslå felles strategiar, prioriteringar, overordna føringar og tiltak for samhandling på tvers av forvaltningsnivå og på tvers av kommunegrenser
- Etablere arbeidsgrupper der Underutvalet vurderer det føremålstenleg
- Medverka til etablering og oppfølging av samarbeidsavtalar

Mynde:

- Underutvalet er bunden av gjeldande samarbeidsavtale mellom kommunane og Helse Bergen
- Underutvalet skal drøfta og førebu saker til Samarbeidsutvalet for Bergensregionen og sikra utvikling av eit godt fagleg og organisatorisk samarbeidsklima mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. I tillegg til å drøfta saker sett på dagsorden av Helseføretaket, skal underutvalet på eige initiativ fremja aktuelle saker frå dei fire samarbeidskommunane

Organisering, samansetjing og gjeldande periode:

- Underutvalet vert etablert for perioden d.d. - 31.12.2012
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Øygarden kommune
- Underutvalet avtalar sjølv møtefrekvens, men skal tre saman regelmessig, m.a. knytt til møteverksemd i Samarbeidsutvalet for Bergensregionen og elles ved behov knytt til spesielle eller aktuelle saker
- Underutvalet består av 2 representantar frå kvar av kommunane Askøy, Fjell Sund og Øygarden, oppnemnd av kvar rådmann

Vedtak: Styret i Region Vest godkjenner etableringa av utvalet som skissert. Sekretariatet føl syklus for sekretariat i Regionråd Vest.

Sak 37. Evaluering av Gode Sirklar as

Samandrag av saka:

Agderforskning har på oppdrag frå eigarane av Gode Sirklar AS gjennomført ei grundig evaluering av selskapet. Tilbakemeldinga på innsatsen til selskapet etter 4 års drift er særst positiv. I rapporten heiter det m.a. at Gode Sirklar har levert imponerende resultat og at ingen andre regionale utviklingselskap i Noreg kan visa til noko liknande. Men evalueringa får også fram kva som kan forbedrast.

I si bestilling til Agderforskning bad kommunane om at evalueringa skulle femna om (1) eigar – tilhøve og (2) selskaps – tilhøve. Denne saka handlar i første rekkje om det eigarane Fjell, Sund og Øygarden må ta standpunkt til dvs eigar – tilhøve t.d. samansetjing av styret, kommunikasjon til kommunestyret og ressursinnsats med tilhøyrande finansiering.

Gode Sirklar AS har alt byrja arbeida med oppfølginga av evalueringsrapporten med vekt på selskaps – interne tilhøve. Denne delen av oppfølginga er styret og dagleg leiar sitt ansvar. Likevel er det rett å halda kommunestyra informerte om dette arbeidet og ein rapport om den selskapsinterne oppfølginga av evalueringa følgjer saka som vedlegg.

Rådmannen i Fjell har utarbeidd fylgjande tilråding til politisk handsaming:

Innstilling:

1. Kommunestyret seier seg godt nøgd med den føreliggjande evalueringa av Gode Sirklar AS. Kommunestyret sluttar seg til at drifta av selskapet skal halda fram omlag som no, men med nokre justeringar tufta på evalueringa, sjå dei neste punkta i vedtaket.

2. Kommunestyret ber ordføreren syta for at folkevalde er godt informerte om selskapet sine aktivitetar.
3. Kommunestyret er oppteken av at Gode Siklar AS utviklar seg vidare som ein regional aktør og ber difor om at det vert skipa til eitt fellesmøte for kommunestyra ein gong pr år. Ein ber også om at arbeidet med å utvikla felles næringsprioriteringar i regionen vert starta opp.
4. Kommunestyret vedtek at noverande styrerepresentasjon med 2 eksterne og 3 ordførarar skal halda fram til kommunevalet i 2011. Etter den tid(*må avklarast*).
5. Kommunestyret ønskjer å sikra det langsiktige kapitalbehovet til selskapet ved at eigenkapitalen vert auka slik det er gjort greie for i rådmannen sine vurderingar i punkt 2.4. Kommunane sin del av selskapet sitt årsbudsjett utgjer om lag 4,5 mill og rådmennene vert bedne om å setja av midlar i budsjettet til dette på konto for "Kjøpte tenester".
6. Kommunestyret ber Gode Sirklar AS syta for at samfunnsnyttan av selskapet sine aktivitetar vert dokumenterte.

Rådmennene drøfta saka 23. august:

- Formannskapet i Fjell har handsama saka og peiker mellom anna på at ved ein vidareføring bør det vere ei bredare politisk forankring og eigenkapitalen i selskapet bør verta styrka.
- Styrking av eigenkapitalen kan skje på fleire måtar. Den mest framtidsretta er at Sund og Øygarden kommunar skyter inn 5 mill kvar, og Fjell omgjer lån (10 mil.) til eigenkapital.
- Askøy kommune vert å invitera når dei andre kommunane har avklart vidare drift og valgt finansiering. Denne fasen vert å koma attende til.

Rådmannsmøtet konkluderte med at det er positivt til fortsatt drift.

Styret drøfta saka.

Vedtak: Saka vert tatt til orientering.

Sak 48. Meldinger, Status m.v.

- SLT – Evalueringsskisse
- Tilskotsmidler frå Fylkesmannen
- Tilskotsmidler frå Dep
- Status Heimesider
- Logo revidert
- Status prosjekt Barnevern og Felles Ansvar
- Seminar 27. og 28. september

Referent: Per Hillestad / Dag Thorvaldsen

Til Regionråd Vest

Oppfølging av BRB sin næringsplan i
Region Vest – Sund, Fjell, Øygarden og Askøy

Framlegg frå Gode Sirklar om rammer for
denne oppgåva.

av

Sigmund Kvernes, leiar Gode Sirklar

Om rolla til Gode Sirklar

- Gode Sirklar er eigarane av selskapet og Askøy kommune sitt verktøy for å prioritera og konkretisera det av BRB sin strategisk næringsplan som vedkjem regionen, eventuelt leggja til det som ein finn manglar
- Resultatet av dette arbeidet skal leggjast fram for Regionråd Vest for handsaming og eventuelt iverksetjing.

Målsetjingar

- Gode Sirklar skal sikra at næringslivet i kommunane sluttar opp om prioriteringar og tiltak som måtte følgja av desse
- Gode Sirklar skal sikra at næringsplanar og planar som vedkjem planen på kommunalt nivå samsvarer med planar på regionalt nivå
- Gode Sirklar skal bidra til at regionale prioriteringar og tiltak har støtte i BRB og kommunane som desse vedkjem direkte.

Organisert som eit prosjekt med prosjektstyre for forankring i næringsliv og i forvaltning.

- Etablering av ei Styringsgruppe som er samansett av:
 - 3 -4 næringslivsleiarar frå regionen som har demonstrert samfunnsengasjement - vald i samråd med Næringsforeningane
 - 1 rådmann frå Region Vest
 - 1 frå Bergen kommune (næringsssjefen)
 - 1 frå HiB (dekanus Ingeniørutdanninga)
 - 1 frå annan FoU institusjon
 - ein frå BRB
- Gode Sirklar og næringsssjefen i Askøy kommune er den operative ressurs for gjennomføring av prosjektet

Om oppgåvene

- Framlegg av mandat for Prosjektstyret til Regionråd Vest
- Framlegg av ein plan og budsjett til Regionråd Vest
- Konstituera prosjektstyre
- Forankra plan og rammer i prosjektstyret
- Gjennomføra planen innan godkjente rammer

Komparative fortrinn - region vest

Bestiller: Regionrådet Vest

Utfører: Gode Sirklar

3.11.2010

Prosjektskisse – struktur (1)

- Om Regional utvikling
 - Nå-situasjon:
 - Naturgrunnlaget
 - Næringslivet
 - Utdanning
 - Kunnskap og kompetanse
 - Infrastruktur
 - Entreprenørskap
 - Regional samhandling
 - Kommunesektoren
 - Andre samfunnsmessige tilhøve
 - Komparative fortrinnsanalyse
 - Naturgrunnlaget
 - Eit utval næringar vil bli vurdert, inkl. finans
 - Offentlig sektor
 - Infrastruktur
 - Kunnskap og kompetanse
 - Innovasjonsevne og entreprenørskap
 - Samhandlingskompetanse
 - ”Sosial kapital”
- Ulike metodar (SWOT, VRIO m.fl) for analyse vil bli nytta.

Prosjektskisse – struktur (2)

- Framlegg til strategi for å styrkja og redusera...
 - Næringsutvikling
 - Satsingsområder
 - Innovasjon og entreprenørskap
 - Utdanning, kunnskap og kompetanse
 - Offentlig sektor
 - Samhandling
- Konklusjonar og råd
- Budsjett:

Budsjettet er avhengig av kor omfattande arbeid som er ønskjeleg. Difor vil vi gjerne ha signal om rammer for arbeidet.



Pågåande og planlagde prosjekt og andre samarbeidsformer innan Regionrådet Vest - samarbeidet

Skildring og status pr. 15. oktober 2010

Det er mange og ulike samarbeidsformer mellom kommunane som er tilslutta Regionrådet Vest (RRV). Denne oversikta syner prosjekt, arbeidsgrupper, driftssamarbeid, selskap og andre samarbeids- punkt som er starta eller planlagde. Først kjem ein enkel status og hovudtidsplan på dei store prosjekta. Deretter er det enkelte prosjekt / samarbeidsrelasjon omtalt i detalj.

Helsing

sekretariatet

Oversikt


Prosjekt og samarbeid som gjeld kommunane i RRV - samarbeidet			
Prosjektnamn	Start	Slutt	Status:
Felles Ansvar - forprosjekt	8.03.10	8.10.10	Sluttrapport levert 1.10.10 Skal evaluerast.
Barnevern forprosjekt			Skal levere rapport ved årsskiftet 2010/11.
KartIKUS			Godkjend. Prosjektsekretær tatt over som prosjektleiar. Framdrift må justerast.
IKT- samarbeid		2013	Til politisk behandling.
Samarbeidsutvalet for Bergensregionen (Helse)		31.12.12	Eige underutval for RRV er etablert. Sekretariat Øygarden.
Ny finansieringsordning - barnehagar	Juni 2010	November 2010	Modellen er ferdig, små justeringar gjenstår.
Plan, byggesak, oppmåling			Ikkje starta opp.
Lokalmedisinsk senter			Prosjektgruppe i arbeid.
Intermediæravdeling			Pilot (6 plassar) i drift i Fjell.
Palliativ avdeling		2012/2013	Prosjektgruppe i arbeid.
Tomteselskap			Saka ikkje behandla.
SLT – koordinator			Evaluerer + omfatte Askøy
Regional utvikling/ tenesteproduksjon			Rapport under utarbeiding.
Komparative fortrinn			Prosjekt under etablering. Regi leggst til Sund kommune.

Samarbeid og prosjekter som er i "normal" drift		
Namn/område	Hovudansvar/ lokalisering	Status
Gode Sirklar AS		Eigarkommunane må avklare vidare drift. Askøy inviterast når dette er klart.
IKKUS - kultursamarbeid		I drift. Koordinert frå Fjell.
Tilsyn barnehagar	Sund	I drift – koordinert frå Sund.
Trigger AS	Askøy	Formell godkjenning av styrerepresentantar på generalforsamling 13.desember 2010.
Internkontroll		Pilot i drift


Samarbeid i Bergensregionen		
Namn/område	Hovudansvar/lokalisering	Status
Hamnesamarbeid		
Sotrasambandet		
IKT - samarbeid		Pilotprosjekt under SKR
BRB		

Mulig framtidig samarbeid og prosjekter		
Namn/område	Hovudansvar/lokalisering:	Status
Arkiv		
Felles landbruk og miljøvern		Leggst inn i plan/bygg prosjektet
Statistikk, analyse og utgreiing		
Kompetanseutvikling/ opplæring		

Hovudprosjekt i perioden 01.03.2010 – 01.01.2013:



Felles Ansvar	
Type samarbeid	Forprosjekt
Prosjektleder	Annette Lilletveit
Start - stopp	08.03.2010 – 08.10.2010
Kostnadsramme	
Status	Evaluert av prosjekteigar/styringsgruppe. Brev sendt til sponsorar.



Status: Sluttrapport er ferdig

Målsetting

Prosjekt "Felles ansvar" skal utgreie felles kriminalitetsforebyggjande tiltak i regi Region vest for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Målgruppe er ungdom som har vore i kontakt med politiet, og identifisert utsett ungdom knytt til rus/kriminalitet som krev tilpassa forebyggjande tiltak. Tiltak og løysingar skal vere realistiske i høve til gjennomføring. Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige, næringsliv og kommunane, og inngå som samordna del av heilskapelege tiltak i kommunane.

Milepæler	Tid	Ansvar
Prosjektperiode	08.03.10-08.10.10	Prosjekteigar
Etablert prosjektgruppe	01.04.10	Rådmenn/prosjektleder
Rapport for politisk handsaming i kommunane	15.09.10	Prosjektleder
Sluttrapport	01.10.10	Prosjektleder
Evaluering	08.10.10 – 31.12.10	Prosjekteigar/styringsgr.

Prosjekteigar: Styret i Region Vest.


Styringsgruppe: Rådmannsgruppa i Region Vest

Prosjektleder: Annette Lilletvedt, engasjert for prosjektperioden i 100% stilling.

Prosjektgruppe: To frå kvar kommune, oppnemnd frå den enkelte rådmann i samråd med prosjektleder.

Økonomi: Øygarden kommune er formell arbeidsgjevar. Prosjektet har mottatt kr. 100 000 i prosjektstøtte frå Fylkesmannen i Hordaland.

Prosjekt Barnevern	
Type samarbeid	Forprosjekt
Prosjektleder	Svein Lyngroth Agenda
Start - stopp	(Vedtatt) 29.01.2010- 2013
Kostnadsramme	Ikkje oppgjeve
Status	Skal levere sluttrapport 31.12.10. Prosjektgruppa orienterte styret og rådmenn 30.08.2010



Prosjekt Barnevern - møte med prosjektleder og prosjektgruppe 30.08.10

Prosjektleder gjennomgikk status. Rådmennene blei bedne om å kome med sine forventningar til prosjektet.

- Prosjektet må forankrast i organisasjonen i den enkelte kommune
- Prosjektet bør leggje lista høgt – kvalitet og metode som er leiande nasjonalt
- Rådmennene handsamar politisk forankring

Prosjekt barnevern i Region Vest – bakgrunn og mål

Regionrådet Vest har vedteke å etablere eit prosjekt for å utvikle barnevernet i Region Vest, der interkommunalt samarbeid er plattform. Alle dei fire kommunane har utfordringar knytt til kapasitet og kvalitet på denne tenesta. Fylkesmannen i Hordaland har løyvd kr 100.000 i tilskot til prosjektet for 2010, med opning for ytterligare tilskot neste år.

Arbeidet vert delt i to fasar.

Fase 1. Denne hausten vert innhald, mål og tiltak konkretisert, og det vert utforma ei ramme for hovudprosjekt. Vidare knyte kontakt med departement, KS, andre eksterne instansar og personar, søkje om ekstern finansiering av hovudprosjekt (fase 2) og førebu dette. Vi har knytt til oss Agenda-Kaupang som prosjektleder i fase 1.


Fase 2. Vert etablering og gjennomføring av ”det nye barnevernet” – førebels tenkjer vi eit prosjekt over tre år.

Dei førebelse måla for prosjektet er:

- Vi vil sikre barnets rett til hjelp og har MOT til å handle.
- Vi vil gi tidleg, rask og rett hjelp gjennom å forskyve ressursar og innsats.
- Vi vil tydeleggjere ansvar og roller i tverrfagleg samhandling – på tvers av forvaltningsnivå.
- Vi vil ha eit barnevern som har eit samla og heilskapleg ansvar for tenesteytinga.

Det ligg ingen sterke føringar på korleis det nye barnevernet skal vere, men det skal føre til eit tydeleg kvalitetsmessig løft. Fokuset er heile tida at det enkelte barn og familie skal merke ein positiv forskjell.

KartIKUS	
Type samarbeid	Prosjekt
Prosjektleder	Kjell Fyllingen
Start - stopp	15.06.10 - 15.06.11 (kan bli endringer)
Kostnadsramme	3.100.000 ¹
Status	Replanlegging. Sjå skildring nedanfor.



Målsetjing

Prosjekt KartIKUS skal etablere geodata-avtalar og -løysingar basert på lik teknologi for aktuelle kommunar. Gjennom dette vil ein auka høvet til samarbeid og samhandling ved felles opplæring og kompetanse på kart.

Prosjektet er skildra med følgjande milepelsplan:


Milepæl	Frist	Skildring
Prosjekt etablert	15.06.10	OK
Kravspesifikasjon ferdig	30.09.10	Starta
Tilbudskonkurranse ferdig	31.12.10	
Revidert plan fase 2	15.01.11	
Programvare installert	31.03.11	
Programvare innført	31.05.11	
Prosjektsslutt	15.06.11	

Korrektive tiltak pr. 20.08.10

- *Auka kunnskap om dei ulike alternativa*
Prosjektet ønskjer å skaffe seg meir informasjon om dei ulike leverandøralternativa ved å gjennomføre møte med aktuelle marknadsaktørar (5 leverandørar).
- *Replanlegging*
Basert på informasjon frå leverandørmøtet må kommunane finna fram til eins tilnærming til vidare prosjektløp, revidert plan vil truleg har seinare ferdigstilling enn gjeldande.

¹ Reknestykket omhandlar berre direkte kostnader (kalkyle eigeninnsats er ikkje gjennomført).

IKT	
Type samarbeid	Forprosjekt
Prosjektleder	Kjell Fyllingen (Fjell) / Marit Rinnan (Askøy)
Start - stopp	Interimsfase frå når godkjend – til 31.12.2012. Fast samarbeid frå 2013
Kostnadsramme	1 mill. i interimsfasen/forprosjektet
Status 12.10.10	Til politisk behandling i kommunane. Godkjend i Askøy.



Styret i Regionrådet Vest sin konklusjon: ”Styret i Regionråd Vest går inn for at det vert etablert eit forplikande IKT-samarbeid som skissert. Løyvingar vert å gjera i budsjettssamanheng i samsvar med tilrådinga.”

1. Det vert etablert eit forplikande IKT-samarbeid i Region Vest.
2. Perioden fram til 01.01.2013 er ein interimsfase der ein aktivt stakar ut kursen og legg premissane for eit permanent samarbeid, og startar prosessen med å harmonisere fysisk infrastruktur, nettverk og systemløyningar.
3. Interimsfasen blir organisert med ei styringsgruppe. Det blir løyvd inntil 1 mill kr for utføring av nemnte oppgåver.

Førebels målbilete

Gjennom eit formalisert og forplikande IKT-samarbeid ønskjer region Vest at målet om tenestesamarbeid og effektiv drift blir understøtta. Det blir her peikt meir konkret på kva som skal kome ut av samarbeidet:

- *Ikt-løysingar som støtter under, og ikkje er til hinder for, moglegheitene for tenestesamarbeid og samarbeid om administrative oppgåver.*
- *Effektiv IKT-drift med høgt servicenivå*
- *Gunstige innkjøp*
- *Eit kompetent og robust IKT-miljø*

Samarbeidsutvalet for Bergensregionen	
Type samarbeid	Underutval
Prosjektleder	Sekretær: Johannes Mikkelsen (Øygarden)
Start – stopp	Sept. 2010 – 31.12.2012
Kostnadsramme	Ikkje oppgjeve
Status	Mandatet for underutvalet er godkjent.

Det er etablert fire samarbeidsutval mellom Helse Bergen og kommunane i Hordaland. Samarbeidsutvala er regulert gjennom ”*Overordna avtale om samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane innanfor Helse Bergen sitt føretaksområde 2009.*”

Kommunane i RRV tilhøyrrer ”Samarbeidsutvalet for Bergensregionen”. Dei har no etablert eit eige underutval med eige mandat. Når avtaleperioden (med Helse Bergen) går ut 31.12.2012 er det eit ynskje å dele opp Samarbeidsutvalet for Bergensregionen i to likestilte einingar, der RRV kommunane utgjer den eine.

Samarbeidsutvala sine ansvar er:

- Ivareta den overordna samarbeidsavtalen.
- Planleggje pasientflyt, kvalitet og kapasitet.
- Prosedyrar for prioritering og samhandling.

Siktemålet med eit eige underutval er å skape betre føresetnadar og rammer for ei vidareutvikling av helsetenesta gjennom styrkt kommunikasjon og samarbeid mellom kommunane (RRV).

Ny finansieringsordning for barnehagar	
Type samarbeid	Arbeidsgruppe
Prosjektleder	Agenda etter oppdrag frå Askøy kommune
Start - stopp	Juni 2010 – november 2010
Kostnadsramme	300 000 kr.
Status	Modellen er ferdig, små justeringar gjenstår

Bakgrunn

Regjeringa planlegg ei omlegging av finansieringa av barnehagar frå øyremerkte tilskot til rammefinansiering etter objektive kriteria. Kommunane vil frå 2011 få eit samla ansvar for finansiering av både kommunale og private barnehagar, basert på likeverdig behandling.

Askøy kommune engasjerte hausten 2009 Agenda AS for å få ei vurdering av eit nytt system. I etterkant har Askøy kommune spesifisert krav til en ny budsjettmodell. Utfordringa kommunane har ved overgangen, er å lage gode anslag for føresetnadene som modellen bygger på.

Arbeidet vil også omfatte ein analyse i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, og ei oppdatering av analysane for Askøy kommune. Tilbodet har ei kostnadsramme på 300.000 kroner.

Status

Modellen er ferdig, små justeringar gjenstår.

Kvar kommune har utnemnd ein arbeidsgruppe, som deltar på møta med Agenda. Det første møtet blei halde 23.juni. Arbeidet vil bli avslutta med at modellen blir presentert for barnehagestyrarar i private/kommunale barnehagar, eigarar i private barnehagar og politikarar i Utval for oppvekst og levekår 2.november 2010. Det vil bli ein tilsvarande presentasjon i de andre tre kommunane i slutten av oktober / begynninga av november.

Plan, byggsak og oppmåling	
Type samarbeid	Forprosjekt/prosjekt
Prosjektleder	
Start - stopp	
Kostnadsramme	
Status	Ikkje starta opp. Har mottatt støtte frå Fylkesmannen i Hordaland

Presset på byggesaksavdelingane i die fire kommunane er ulikt, og varierer over tid. Det kan vere føremålstenelig å inngå eit samarbeid for å betre den samla kapasitetsutnyttinga og redusere behandlingstida til beste for regionens innbyggjarar og næringsliv.

Eit forprosjektet vil ha som mål å utgreie realistiske løysingar i spennet frå lite til full integrering av saksbehandlinga i regionen. For å kome fram til ei felles løysing, må ein rekne med ein betydeleg innsats frå fagmiljøa i dei fire kommunane.

Eit forprosjekt innan byggesak er tett knytte til prosjekt KartIKUS. Dei juridiske konsekvensane ved eit nærare samarbeid må avklarast. Fylkesmannen har gjeve støtte til prosjektet.

Prosjektet bør og femne om samarbeid innan landbruk og miljøvern.

Prosjektet sin storleik gjer det nødvendig med anbudsutlysning.

Lokalmedisinsk senter	
Type samarbeid	Prosjekt
Prosjektleder	Svein Fjelland
Start - stopp	Estimert drift i 2013
Kostnadsramme	
Status	Prosjektgruppe i arbeid. Sendt løypemelding 7.10.2010

Prosjektgruppa gjorde ferdig "Rapport frå prosjektet Betre Saman" i oktober 2009. Prosjektet femner om:

- (a) eit pilotprosjekt med 6 senger – oppstart februar 2010 og
- (b) eit lokalmedisinsk senter med intermediær etterbehandling og observasjonssenger, ei rehabiliteringseining og eit lærings og meistringssenter med planlagd oppstart i 2012.

Vedtak i kommunestyra i RRV kommunane (2009-2010):

1. *Kommunestyret sluttar seg til samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Bergen om drift av 6 intermediære plassar på Straume og med den økonomiske fordelinga som ligg i rapporten.*
2. *Prosjektgruppa sin rapport blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med etablering av Lokal medisinsk senter på Straume.*
3. *Prosjektgruppa får mandat til å følgje opp piloten på Straume og planlegge innhald og organisering av det Lokalmedisinske senteret."*

Det vil neppe bli slik at reforma utelukkande vil bli finansiert med ekstra statlege kroner. Både kommunane og Helse Bergen må vere budd på også å hente midlar frå egne midlar. Konseptet for finansieringa av det nye lokalmedisinske senteret vil vere det same som for pilotprosjektet; kommunane og Helse Bergen må saman finansiera drifts- og kapitalutgiftene etter ei fordeling aktørane blir samde om. Fjell kommune vil vere huseigar og stå for låneopptak til bygget.

Dei økonomiske konsekvensane av samhandlingsreforma er ikkje avklart enno, og i påvente av dette kan ei finansieringsløyving vere slik:

- Kommunane må vere budde på å dekkje det meste av utgiftene etter ei fordeling bygd på folketalet.
- Det blir teke eigenbetaling i tråd med praksis i rehabiliteringsinstitusjonar og kortidsplass/dagplass i kommunehelsetenesta.
- Helse Bergen dekkjer ein mindre del knytt til gråsone/samhandling.

Fjell kommune har sett av eigen intern byggkompetanse som er budd til å starta opp den fysiske planlegginga i desember 2010 saman med ei breitt samansett styringsgruppe og god kontakt med fagfolk under vegs. Med slik oppstart kan bygget stå ferdig i løpet av 2013. Alle kommunane vil bli inviterte med i styringsgruppa.²

² Innholdet er henta frå løypemeldinga

Lokalmedisinsk senter - Intermediær eining	
Type samarbeid	Pilot
Prosjektleder	Svein Fjelland (Fjell)
Start - stopp	02.2010 - 2012/13(drift)
Kostnadsramme	?
Status	6 sengeplassar i drift.

Pilotprosjektet er realisert før samhandlingsreforma og dei samla drifts- og kapitalutgiftene (husleige) første driftsår på ca. 4,5 mill. er finansiert slik:

- 1,0 mill i tilskot frå staten
- 3,5 mill. er fordelt likt mellom kommunane og Helse Bergen.
- Dei fire kommunane fordeler sin del av utgiftene (dvs 1,75 mill.) etter folketalet. Dessutan har kommunane fått 0,6 mill. i tilskot frå fylkesmannen slik at berre 1,15 mill. står att som kommunal eigenfinansiering.

Palliativ avdeling	
Type samarbeid	Prosjekt
Prosjektleder	Anne Kjersti Drange
Start - stopp	Reknar med å vere i drift 2012/2013
Kostnadsramme	
Status	

Samarbeid mellom RRV kommunane og Helse Bergen. Tar sikte på å etablere 4 (senge)plassar

Tomteselskap	
Type samarbeid	
Prosjektleder	
Start - stopp	
Kostnadsramme	
Status	Det ligg føre eit internt notat med forslag til vedtak. Ikkje behandla.

SLT koordinator	
Type samarbeid	
Prosjektleder	
Start - stopp	
Kostnadsramme	
Status	Evaluere ordninga på Sotra / omfatte Askøy

Regional utvikling og tenesteproduksjon	
Type samarbeid	Ekstern leverandør
Prosjektleder	
Start - stopp	
Kostnadsramme	620 000
Status	Rapport under utarbeiding

IKKUS	
Type samarbeid	Fast samarbeid
Prosjektleder	Kultursjefen i Fjell kommune (50%)
Start - stopp	
Kostnadsramme	Søkje tilskot gjennom offentlege ordningar (KUP midlar)
Status	Etablert ei styringsgruppe med kultursjefane (4)

Kommunane har allereie hatt ein del samarbeid, men er svakare på fellesarrangement. Har hatt ei to-dagars samling med dei fire kulturavdelingane.

Hensikta med IKKUS er til dømes:

- samordna søknadsprosessar
- betre kvalitet på arbeidet
- tenkje strategisk mot EU og regionar i Europa, søkje midlar frå EU
- fagleg påfyll, fagleg utveksling
- samarbeid småskalaproducentar
- fellesprosjekt, som kulturløyper e.l.
- samarbeide på ulike fagområde som bibliotek, kulturskular, Den kulturelle skulesekken
- auka samordning, utveksling og deling av kompetanse
- satsing på kystkultur, regionale senter

Trigger AS	
Type samarbeid	Aksjeselskap
Prosjektleder	
Start – stopp	
Kostnadsramme	
Status	Generalforsamling 13.desember 2010. Val av styrerepresentantar.

Tilsyn barnehagar	
Type samarbeid	Arbeidsgruppe
Prosjektleder	Anne Grete Aase Eide
Start – stopp	7.10.2009 – 22.09.2010
Kostnadsramme	120 000
Status	Sluttrapport levert. Samarbeidet går over i driftsfase med koordinator i Sund kommune

Internkontroll	
Type samarbeid	Arbeidsgruppe
Prosjektleder	
Start – stopp	
Kostnadsramme	150 000
Status	

Formål

Gjenoppta arbeidet med å finne ei heilskapleg tilnærming til internkontroll i dei fira kommunane.

Grappa er einig i å la innkjøp bli ”pilot” i det vidare arbeidet med internkontroll.

”Vedr. vidare fremdrift og evt. bruk av eksterne ressurser vil dette bli vurdert nærmere etter samtalene med Bergen kommune og revisjonen (Deloitte). I samtaler med Deloitte har de gitt uttrykk for positiv vilje til å assistere kommunene fordi de påpeker at kvaliteten på internkontroll/egenkontroll-arbeidet i kommunene har betydning for graden av deres egen innsats/kontroll i de samme kommunene.

Arbeidet med å gjennomføre internkontroll vil sannsynligvis måtte kreve ressurser utover det de 4 kommunene har tilgjengelig i dag. Dette bør eventuelt måtte innarbeides i fremtidige budsjetter.”³

³ Sitat frå ”Arbeidsnotat – Internkontroll, Sund 25.06.2010”

BUDSJETTPROGRAM 2011 REGIONRÅDET VEST

Dei økonomiske føresetnadene som er lagt til grunn i samarbeidet i Regionråd Vest er ein enkel og ubyråkratisk modell der økonomi i størst mogeleg grad vert teken hand om av den ein skilde kommune.

Filosofien som ligg til grunn er ei bevisst tenkjing om at dette er eit samarbeid mellom 4 kommunar utan overbygning.

Det er lagt til grunn ei kostnadsdeling i vedtektene med 50 % kostnadeling flatt og 50 % kostnadsdeling etter folkesetnad.

Dette utjer fylgjande prosentvise deling:

Askøy	34,4 %
Øygarden	16,2 %
Sund	17,8 %
Fjell	31,6 %

Utanom denne fordelinga er det vidare lagt til grunn at sekretariatskostnadene skal gå på omgang og vert såleis budsjettert i den ein skilde kommune som har denne oppgåva.

For 2010 og 2011 vert denne kostnaden dekkja av Øygarden kommune.

Møteverksemd går også på omgang og kostnadene ved dette vert dekkja fortløpande av vertskommunane.

Dei vesentlege kostnadene utanom ovannemnde er prosjektkostnadene.

I det fylgjande vert det gjeve eit oversyn over prognostiserte kostnader i 2011 over desse, regikommune, og pårekna kostnad for kommunane.

PROSJEKT	Tilskott	Regi	Netto kost	Askøy	Sund	Fjell	Øygarden
Barnevern forpr	100 000	Øygarden	150 000	17 200	8 900	15 800	8 100
Barnevern hov pr		Øygarden	500 000	172 000	89 000	158 000	81 000
Felles Ansvar		Øygarden	300 000	103 200	53 400	94 800	48 600
Kartikus (*)	100 000	Fjell					
IKT (*)		Askøy	400 000	137 600	71 200	126 400	64 800
Byggesak m.v.	400 000	Fjell	200 000	68 800	35 600	63 200	32 400
Komparative fortrinn		Sund	250 000	86 000	44 500	79 000	40 500
Tilsyn barnehage		Sund	120 000	41 280	21 360	37 920	19 440
Internrev/kontroller		Askøy	150 000	51 600	26 700	47 400	24 300
Reg.utvikl/tenesteprod		Fjell	620 000	213 300	110 400	195 800	100 500
Oppfølgn. Næringspl BRB		Øygarden	400 000	137 600	71 200	126 400	64 800
Helse intermediær/ LMS/Palliativ avd.		Fjell/Askøy					
Sum	600 000		3 090 000	1 028 580	532 260	944 720	484 440

* Inv. Kostnader vert budsjettert på ordinær måte i kvar kommune

** Eigen finansieringsmodell

Samandrag:

Eit felles tomteselskap for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden vil truleg vera det første felles kommunale tomteselskap med så mange eigarar. Med eit tettare samarbeid innan byggjesak, plansak, kart og oppmåling i regionen vil det vere mogeleg å få til nærings- og arealplanar som reflekterer behova i heile regionen. Med denne føresetnaden kan det vera føremålstenleg med eit regionalt verktøy – felles tomteselskap.

Når det gjeld forretningsmodell og selskapsform er det fleire løysingar: Trondheimsmodellen, konsernmodellen, fellesskapsmodellen og vidareføring av noverande ordning. Når det gjelder selskapsform er det i hovudsak tre som er aktuelle: Aksjeselskap, interkommunalt selskap og samvirke.

Kva utfordringar er tenkt løyst gjennom eit tomteselskap?

Styret i Regionråd Vest har bede om utgreiing:

SAK 7 TOMTESELSKAP – FELLES KONSTRUKSJON - STYRINGSSIGNAL

Etterspurnaden etter tomter, både bustadtomter og næringsstomter er stor i områda nærast Bergen og vil truleg vera aukande utover i dei andre areala/kommunane etterkvart utbygginga/utviklinga held fram. Kven som skal står for utbygging og tilrettelegging av tomteland, anten private eller det offentlege er sjølvstøtt opp til kvar kommune å avgjera.

Det vert no lagt opp til at vi får ein samordning av ressursane på nærings sida. Rådmennene har drøfta stoda kring tilgang på tomter, særleg tomter til næringsareal. Når det gjeld tilgangen her er Business Region Bergen oppteken av klargjering og tilbod på næringsareal og arbeider med dette. Tomtestoda er noko ulik i dei fire kommunane rimeleg nok. Rådmennene er opptekne av ei klargjering om ein skal gjera ei felles tilnærming når det gjeld tilrettelegging, primært av tomter til næringsareal, eller om ein skal halda fram i eigen regi.

Rådmennene er interessert i styringssignal frå ordførarane om ein skal setja i gong utgreiingsarbeid vedkomande eit felles tomteselskap i dei fire kommunane. Det vert eventuelt bede om høve til å leiga inn konsulenthjelp.

(ORDFØRARMØTE/STYREMØTE Fredag 29. jan 2010, kl 0900)

Vedtak: Det vert å laga sak for styret om tomteselskap - felles konstruksjon.

Bakgrunn og erfaringar

Det er få døme på interkommunale tomteselskap. Trondheimsregionen¹ er det døme som kjem nærast. Regionen har utarbeidd ein strategisk næringsplan og ein interkommunal arealplan (IKAP). Trondheimsregionen hadde ein prosess for å etablera eit felles tomteselskap, men gjekk bort fra dette, då risikoen vart vurdert for høg. Dei har valt ei anna tilnærming, etablering av eit tomteselskap for kvart område som skal utviklast. Dette gjeld først og fremst for store regionale næringsareal. Vertskommunen

¹ Trondheimsregionen - samarbeid for utvikling (tidligere samarbeidsutvalget for Trondheimsregionen) er eit felles samarbeidsorgan for kommunane Stjørdal, Malvik, Trondheim, Klæbu, Melhus, Skaun, Orkdal, Midtre Gauldal, Rissa og Leksvik samt Sør-Trøndelag fylkeskommune. Ordfører, opposisjonsleiar og rådmann er medlemmer frå kvar kommune. Ordføraren har stemmerett.

inviterer dei andre til å delta². Dersom erfaringane vert gode kan det verta aktuelt å etablera eit felles tomteselskap for heile regionen på eit seinare tidspunkt.

(Telefonsamtale med Jon Hoem, daglig leiing og sekretariat for Trondheimsregionen)

Vurderingar:

Etablering av ny næringsverksemd

Lokalisering av næringsverksemd er viktig for alle dei4 kommunane då dette gjev arbeidsplassar og skatteinntekt. Det kan og ha smitteeffekt i den forstand at etablering av aktørar kan trekkja til seg underleverandørar. I nokon høve kan kommunane vera konkurrentar m.o.t. lokalisering av ny næringsverksemd.

For at det skal vera føremålstenleg med eit interkommunalt tomteselskap i dette segmentet, bør det ha eit grunnlag i nærings- og arealplanar *som tar omsyn til dei regionale behova*. Desse planprosessane vil langt på veg avklare mange av de politiske utfordringane som er knytta til den einskilde kommune si rolle som konkurrent. Kommunale planar med eit regionalt perspektiv og/eller utarbeiding av ein eigen plan for regionen vil vera eitt av fundamenta for eit regionalt samarbeid om tilrettelegging av næringsarealer (også samanheng mellom arbeid, bo, samferdsel osv.).

Tilbod til lokalt næringsliv og nyetablerarar

Kommunane har allereide eit lokalt næringsliv. Dette vil i ulik grad ha behov for nye lokaler og tomter. Tilbod til etablerte bedrifter og små/mellomstore nyetablerarar med lokal tilknytning, vil i mindre grad vera gjenstand for konkurranse mellom kommunane.

Kva fordeler har eit felles regionalt tomteselskap framføre eigne lokale løysingar?

- Enkelte oppgaver kan vera for store for ein kommune.
- Med eit eventuelt nærare samarbeid innan byggjesak, plansak, kart og oppmåling i regionen kan det vera føremålstenleg med eit felles reiskap.
- Geografisk nærleik mellom kommunane betyr at lokalisering av næringsverksemd i ein kommune kan gjeva ringverknader i dei andre kommunane, for eksempel arbeidsplassar.

Valet av samarbeidsmodell og selskapsform heng saman med kva rolle samarbeidet skal ha.

Eit felles tomteselskap kan ha ulike strategiar. Skal selskapet for eksempel ha/eige:

- ein portefølje av ferdig bygde næringsareal til utleige
- tomter som er klare for utbygging (ferdig regulert og med infrastruktur)
- tomter som er ferdig regulert men ikke utbygde

Ulike innretningar stiller ulike krav til investeringar. Ikkje alle selskapsformer tillet å ha private aktørar som medeigarar.

² **Interkommunal arealplan for Trondheimsregionen**

Retningslinje 1.6:

De største næringsområdene må utvikles med sikte på nødvendig offentlig styring for å sikre det regionale perspektivet. Det må etableres nødvendig ressursgrunnlag for gjennomføring der dette er nødvendig.

- Det skal i første omgang vurderes behov for å etablere utviklingsselskap med offentlig eiermajoritet for hvert av områdene, for planlegging og eventuelt også utbygging. Der hvor det vil ha betydning for å oppnå gjennomføringskraft, skal alle kommuner i regionen inviteres til å delta i slike selskap.

- Det skal i første omgang siktes mot å etablere en felles regional portal for markedsføring og informasjon om den samlede porteføljen av næringsareal i regionen, samordnet med strategier og tiltak i strategisk næringsplan.

http://www.trondheimsregionen.no/images/stories/2010/Planforslag_IKAP_100319.pdf

Val av samarbeidsmodell må og vurderast opp mot kva mynde som er tenkt lagt til selskapet. ”Dersom kommunane ynskjer å overlata til eit særskilt interkommunalt samarbeidsorgan å ta avgjerder som bind deltakerne, må dei ha eit rettsleg grunnlag for å etablere organet og for å overlata verksemd og vedtaksmynde til det.” Dette kan vera aktuelt dersom tomteselskapet er tenkt å ta avgjerder der mynde er lagt til det enkelte kommunestyre.

Mogelege samarbeidsmodellar

Samarbeidsmodellane føreset at selskapet kun skal ha drift/forretningsverksemd. Dersom det og skal ha forvaltningsoppgaver må det lagast andre konstruksjonar som tek omsyn til overføring av mynde etter kommunelova.

Alt. 1 Trondheimsmodellen

Det vert etablert eitt tomteselskap for kvart område som skal utviklast. Vertskommunen inviterer dei andre kommunane til deltaking. Selskapsforma som er mest aktuell er AS. Eigarskap etter interesse.

Alt. 2 Konsernmodellen

Det vert etablert eit Holdingselskap med eigardelar frå kommunane i region vest. Holdingselskapet etablerer separate tomteselskap etter behov. Fordelen med denne modellen er at den opnar for underselskap med berre kommunal deltaking (IKS) og blanding av kommunal/privat deltaking. (AS)

Alt. 3 Fellesskapsmodellen

Det vert etablert eit felles tomteselskap for dei fire kommunane (IKS/AS)

Alt. 4 Ikkje noko felles selskap – andre former for samarbeid

Basert på noverande situasjon, men med meir samarbeid. (f.eks. § 27 samarbeid)

Selskapsformer

Kommunar kan samarbeida med andre kommunar innan all verksemd. For dei oppgåvene kommunane påtek seg frivillig (ofte forretningsdrift) er det svært stor organisasjonsfridom. Kommunane opptre her meir eller mindre på den privatrettslege arena på lik line med private partar.³

Dei alternative samarbeidsmodellane kan vera forskjellige selskapsformer. Dei mest aktuelle er:

Aksjeselskap

Ein kommune kan åleine eller saman med andre stifta aksjeselskap, jfr. aksjelova § 2-1 første ledd. Selskapsstiftinga må skje etter dei vanlige reglane for stifting av aksjeselskap i aksjelova kp. 2. Reglane for stifting krev m.a. at det i samband med stiftinga av selskapet skal gjerast kapitalinnskot som etter aksjelova § 1-1 tredje ledd må vera på minst kr 100.000. Kan ha private medeigarar. Aksjeselskap er skatte- og rekneskapspliktige.

Interkommunalt selskap (IKS lova)

IKS-lova er tilpassa verksemdar med eit visst forretningsmessig preg. Lova regulerer styringsstrukturen og mynde, og gjeld berre for samarbeid som har karakter av eit selskapsforhold. *Private kan ikke delta.* Ved denne typen samarbeid opprettar dei deltakande kommunane eit felles selskap der den enkelte deltakar heftar uavgrensa for ein del av selskapet sitt ansvar. Representantskapet er selskapet øverste organ. IKS er i utgangspunktet skatte- og rekneskapspliktig.

³ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/kommunejuss/interkommunalt-samarbeid/juridiske-rammebetingelser.html?id=552105>

Samvirke (Samvirkelova LOV-2007-06-29-81)



Eit samvirkeforetak vert eigd og styrt av dei som samhandlar med foretaket, og på den måten har direkte nytte av den verksemd som vert driven. Samvirkeforetaket inneber nærleik mellom dei som eig og brukar foretaket, og gjev derfor brukarane god oversikt over og kontroll med verksemda. Samvirkeforetak har ikkje fritt omsettelege eigardelar, og kan såleis ikkje verta oppkjøpne. Også for samvirkeforetak er økonomisk aktivitet og økonomiske resultat er viktig. Hovedmålet er likevel ikkje kapitalavkastning, men å dekkja medlemmane sine behov for avsetning eller forsyning av ei vare eller teneste. Samvirkeforetak har i utgangspunktet ope og frivillig medlemskap. Det vil sei at alle som kan dra nytte av verksemda, kan bli medlem. Men ingen kan tvingas til medlemskap eller til å vera medlem lenger enn dei sjølv ynskjer. Samvirkelova opnar for å setja vilkår knytta til medlemskap, så lenge det er sakleg grunn for det. Samvirkeforetak er kjenneteikna av demokratisk styring. På årsmøtet – foretaket sitt øverste organ – vert det teke avgjerder ut frå prinsippet om eitt medlem, éi stemme. Vedtektene kan fastsetja at medlemmane kan ha fleire stemmer, men berre dersom stemmene er delt på medlemmane etter deira omsetning med foretaket, og ikkje etter innskoten kapital.⁴

Videre handsaming

Nedanfor kjem ein visualisering av to moglege løysingar. Desse synleggjer nokre av dei prinsipielle avklaringar som lyt gjerast.


Alt. 1 Trondheimsmodellen med AS som selskapsform gjev stor fleksibilitet. Denne modellen gjev høve for val for den enkelte kommune om dei skal delta eller ikkje, og størrelsen på deltakinga. Den opnar og opp for privat deltaking (så lenge det ikkje vert lagt forvaltningsoppgaver til selskapet).

Alt.1 Trondheimsmodellen – utan forvaltningsoppgaver:



⁴ Håndbok i etablering av samvirkeforetak (2009). Det Kongelige Selskap for Norges Vel og Samvirkesenteret

Alt. 3 Fellesskapsmodellen med separert forvaltning og drift



Avklaringer

Det er fleire måtar å kombinere organisering og eigarskap enn det som er vist her. Det styret bør ta stode til er:

- Skal det leggjast forvaltningsoppgaver til tomteselskapet eller bare utbygging/drift?
- Skal det opnast for private aktørar på eigarsida?
- Skal det vere eit fast samarbeid med definerte eigardelar eller fleksibel deltaking avhengig av kva (geografiske)områder som skal utviklast?

Styret vert oppmoda til å gje signal om det er føremålstenleg å gå vidare med denne saka no, og eventuelt kva modell/selskapsform som det er aktuelt å utgreia meir.

Dersom styret ynskjer å gå vidare med saka, er det ynskjeleg at arbeidet vert gjort av ei arbeidsgruppe med kompetanse innan plan/utbygging, og juridisk kompetanse.

Sekretariatet Regionrådet Vest

Kilder:

[http://www.trondheim-chamber.no/doc//SNP/Strategisk%20naeringsplan%20for%20Trondheimsregionen%20\(Jan%202010\).pdf](http://www.trondheim-chamber.no/doc//SNP/Strategisk%20naeringsplan%20for%20Trondheimsregionen%20(Jan%202010).pdf)

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/kommunejuss/interkommunalt-samarbeid/juridiske-rammebetingelser.html?id=552105>

<http://www.trondheimsregionen.no/>



ØYGARDEN KOMMUNE Sentralarkivet		Dok.nr.
22 NOV 2010		3
År/saksnr.	10/279	J.post ID: 13436
Ark.kode P		K20
Ark.kode S		Saksh RSK

«Adresselinje_1»
«Adresselinje_2»
«Adresselinje_3»
«Adresselinje_4»
«Adresselinje_5»
«Adresselinje_6»
«Adresselinje_7»

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201001979-6/740/GMAT

Dykkar ref.:

Bergen, 17. november 2010

Klimapolitisk møteplass - invitasjon

Fylkestinget har vedteke Klimaplan for Hordaland 2010-2020 og Handlingsprogram 2010-2011. Eitt av tiltaka er etablering av Klimanettverk Hordaland, ein arena for samhandling og samarbeid om oppfølginga av Klimaplanen. Målgruppa er kommunane ved fagfolk/ administrasjon. Eit eige brev går ut til kvar kommune om dette.

Fylkesutvalet har drøfta behovet for eit tilsvarande politisk nettverk, som kan fokusere klimaarbeidet i Hordaland. Politiske leiarar kan også ha nytte av ein møteplass der dei kan søkje råd og ta opp klimasaker av felles interesse og med utgangspunkt i eigne energi- og klimaplanar. Politikarane kan bidra til at aktivitetane i Hordaland vert samkøyrt og medverke til synergieffektar i klimaarbeidet.

I 2008 blei Regionalt klimapanel etablerte som eit samarbeid mellom Regionrådet Bergensregionen og Nordhordlandsrådet. Det har følgjande politiske deltakarar: Ordførar Håkon Matre, Masfjorden (leiar i Regionrådet Nordhordland IKS), ordførar Olav Martin Vik, Øygarden, ordførar Ole Lysø, Austrheim, byråd Lisbeth Iversen, Bergen (leiar Regionrådet Bergensregionen) - leiar av klimapanelet. I tillegg deltek adm. dir. Asbjørn Algrøy, BRB. Fylkeskommunen deltek administrativt. Bergen kommune er sekretær. Regionalt klimapanel har møte 3 - 4 gongar i året.

Fylkeskommunen har vurdert at det kunne vore tenleg dersom det regionale klimapanelet vert utvida med politiske representantar frå dei andre regionråda (Sunnhordland, Hardanger samt Voss kommune). På den måten kan ein få ein fylkesdekkande klimapolitisk møteplass.

På møte i Regionalt klimapanel 8.nov., der fylkesvaraordførar Tom-Christer Nilsen også deltok, vart dette drøfta. Konklusjonen var at det er hensiktsmessig med ein klimapolitisk møteplass for heile Hordaland. Det handlar ikkje om ei utviding av det Regionale Klimapanelet, som er interkommunalt, men etablering av ein fylkesdekkande møteplass med fylkeskommunal leing og sekretariat. Erfaringa med Regionalt Klimapanel er at det fungerer godt fordi det ikkje er så stort, men har relativt få deltakarar. Etter modell av Regionalt klimapanel kan deltakarane i eit fylkesdekkande møteplass vere 1-2 ordførarar frå kvart regionråd (gjerne inkl. leiar). Kommunar som står utanfor ei interkommunal samanslutning bør også få høve til å delta.

På denne bakgrunn vil eg invitere 1-2 politiske representantar frå


- Hardangerrådet
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Regionrådet Nordhordland

- Regionrådet Vest
- Bergensalliansen
- Bergen kommune
- Voss kommune

til eit møte for å etablere ein fast klimapolitisk møteplass for Hordaland **onsdag 19. januar 2011 kl. 13.00 - 15.30** på **Radisson Blu Hotel Norge, Bergen**

Vi kjem attende med nærare program. Same dag (kl. 10.30 – 15.30) og same stad inviterer Hordaland fylkeskommune til oppstartsmøte i Klimanettverk Hordaland, og der De er velkomne til å delta på første del. Sjå eige brev.

Med helsing



Torill Selsvold Nyborg

Ver god og meld tilbake til gudrun.mathisen@post.hfk.no kven som kjem.

Kopi: Byråd Lisbeth Iversen Bergen kommune
Ordførar Håkon Matre Masfjorden kommune
Ordførar Olav Martin Vik Øygarden kommune
Ordførar Ole Lysø Austrheim kommune
Klimasjef Eva Britt Isager Bergen kommune

FJELL KOMMUNE

Fjell kommune

Dato: 07.10.2010

Vår ref.: 2005/4143 - 14119/2010

Ark.kode: 404

Notat

**Til: Regionråd Vest og Helse Bergen
Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden**

Frå: Svein Fjelland

Lokal medisinsk senter – løypemelding

Dette notatet vart laga som eit arbeidsnotat til prosjektgruppa til deira møte 03.09.2010. Representantar frå kommunane i prosjektgruppa var oppteken av notatet også kunne fungera som ei løypemelding til politisk nivå i kommunane. Notatet er difor justert og ajourført med tanke på å vera ei slik løypemelding.

1. Innleiing

Prosjektgruppa gjorde ferdig "Rapport frå prosjektet Betre Saman" i oktober 2009. Prosjektet femner om

(a) eit pilotprosjekt med 6 senger – oppstart februar 2010 og

(b) eit lokalmedisinsk senter med intermediær etterbehandling og observasjonssenger samt ei rehabiliteringseining og eit lærings og meistringssenter med planlagt oppstart i 2012.

Leiinga i Helse Bergen slutta seg til rapporten i okt 2009. Kommunestyra i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden slutta seg til felles saksutgreiing med vedlagt samarbeidsavtale og rapport i tida desember 2009 – mai 2010. Kommunestyrevedtaka har denne felles ordlyden:

"1. Kommunestyret sluttar seg til samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Bergen om drift av 6 intermediære plassar på Straume og med den økonomiske fordelinga som ligg i rapporten.

2. Prosjektgruppa sin rapport blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med etablering av Lokal medisinsk senter på Straume.

3. Prosjektgruppa får mandat til å følgje opp piloten på Straume og planlegge innhald og organisering av det Lokalmedisinske senteret."

Prosjektgruppa har halde fram arbeidet sitt i medhald av dette vedtaket. Det har i første rekkje vore arbeidt med å sikra oppstarten av pilotprosjektet, men vidare planlegging av det lokalmedisinske senteret på Straume har også vore tema våren 2010. I det følgjande vert det gjort greie for status for planlegginga av senteret. Siktemålet bør vera å avklara plangrunnlaget mest mogeleg slik at vi kan engasjera arkitekt før komande årsskifte.

2. Innhald i lokalmedisinsk senter

2.1 Intermediær eining

Denne eininga femner om senger til etterbehandling av pasientar som har vore på sjukehus samt observasjonssenger.

I pilotprosjektet er det 6 senger som vert nytta til etterbehandling av ortopediske og nevrologiske pasientar frå Helse Bergen (dvs Haukeland Universitetssjukehus, Voss sjukehus og Kysthospitalet i Hagavik). Det er ei vedvarande utfordring å finna "den rette pasienten" innlagt ved dei nemnde sjukehusa og som er frå dei 4 samarbeidande kommunane. Aktivt informasjons- og haldningsarbeid internt på sjukehusa samt ein fleksibel haldning til inntak har ført til at piloten på Straume no har eit bra stabilt belegg. Tilbakemeldingane frå pasientane er særskilde gode.

I rapporten "Betre saman" er det lagt opp til at dei 6 pilot-sengene bør aukast til ca 10 senger til etterbehandling i det nye lokalmedisinske senteret. Her er omtalen på side 9 i rapporten: *"Talet på intermediære senger vil vere avhengig av pasientgrunnlaget frå Helse Bergen. Dersom ein tek høgde for auke i pasientgrunnlaget, og dersom ein samanliknar med andre medisinske sentre, vil det vere behov for ca 10 intermediære senger for etterbehandling."*

Konklusjon: Det er ikkje kome fram ny informasjon som endrar tal senger til etterbehandling dvs. 10 senger.

Når det gjeld observasjonssenger, er kapasiteten omtala slik i rapporten "Betre saman" s. 10: *"Observasjonsposten vil ha senger der primærlegane sjølv kan leggje inn pasientar for observasjon og behandling. Eldre med samansette lidingar, hjartepasientar, og kronikargrupper som eks diabetes og kols vil vere aktuelle pasientgrupper. Elles ønskjer ein å kunne nytte observasjonsposten til ulike somatiske sjukdomar. Ut frå ei forsiktig vurdering har gruppa landa på fire senger. Bruken av observasjonssengene vil avhenge av kompetanse knytt til eininga, og kor flinke primærlegane er å nytte seg av tilbodet. Det bør utarbeidast kriterier for bruk av observasjonssengene for å sikre at dei vert brukt til dei rette pasientane."*

Helse Bergen arbeider med ein statistisk analyse av storbrukarar av sjukehustenester frå dei 4 kommunane. Desse er aktuelle brukarar av observasjonssengene. Om denne analysen vil føra til ei oppjustering av tal senger, er førebels uvisst.

Konklusjon: Det er førebels ikkje kome fram ny informasjon som endrar tal senger til observasjon dvs 4 senger. Ei mindre oppjustering kan kanskje koma på tale, jamfør omtalte analysearbeid.

2.2 Rehabiliteringseining

Rehabilitering er gjeve slik omtale i rapporten, side 10:

”Ei rehabiliteringseining er ei eining der fleire aktørar samarbeider for å bidra til at pasient/brukar oppnår best mogleg funksjons – og meistringsevne. Ved ei rehabiliteringseining vil ein få trent opp igjen funksjonstapet ved sjukdom. I tillegg til intermedisæreining vil det vere ei rehabiliteringseining med senger og dagbehandling. Denne vil liggje i nærleiken av terapibassenget og den fysikalske eininga.

Her tenkjer ein seg 10 dagplassar supplert med 10 senger. Eininga må tilpassast det tilbodet som i dag er i dei ulike kommunane.”

På oppdrag frå prosjektgruppe har ei breitt samansett faggruppe våren 2010 vurdert innhald og behov for rehabilitering meir grundig. Gruppa understrekar i sitt notat av 24.06.10 at eit interkommunalt samarbeid innan rehabilitering må vera eit supplement til eksisterande og velfungerande tenester i den einskilde kommune. På grunn av mange uvisse faktorar (m.a. er det statistiske grunnlaget mangelfullt) er det vanskeleg å fastsetja behovet. Dei konkluderer difor med ein varsam oppstart og fleksibilitet i gjennomføring, jamfør side 4 i deira notat:

- *”10 senger / pasientrom.
Gruppa ser for seg fleksibel oppstart og bruk der det vert starta opp med 5 – 7 døgnplassar. Dei resterande romma kan nyttast til t.d. kvilerom for dagrehabilitering og med moglegheit for å auka talet på døgnplassar til 10.*
- *16 dagplassar (2 grupper à 8 personar).
Talet på dagplassar heng saman med utnyttingsgraden av døgnplassar og kan aukast.”*

Som ein vil sjå tilrår faggruppa fleire dagplassar enn det rapporten ”Betre saman” legg opp til. Fleksibilitet vert også sterkare understreka.

Konklusjon: Det vert lagt opp til ei sterkare satsing på dagplassar – 16 plassar. Når det gjeld døgnplassar, vert det teke høgd for i alt 10 slike. Etter som behovet for døgnplassar er noko usikkert, må det leggjast til rette for ei enkel omgjerding av nokre døgnplassar til dagplassar eller at ein nyttar nokre døgnplassar som ein generell ”kapasitetsbuffer” for det lokalmedisinske senteret.

2.3 Lokalt lærings - og meistringssenter

I rapporten ”Betre saman” går det fram at hovudmålet med eit slikt senter er ”å fremje uavhengighet, sjølvstende og evne til å meistre eige liv.” Pasientgruppa vil i særleg grad vera dei med diabetes, kols, hjartesjukdom og overvektige. Læring for å meistra endra livsstil gjennom kurs og aktivitet er ”oppskrifta.” Om arealbehov står det dette på side 11 i rapporten:

”Eit lokalt LMS vil over tid kunna krevja ein stilling og eit kontor pluss tilgang til høvelege lokale for opplæring og trening. Det er viktig å utvikle ein modell for dei lokale LMS - Straume kan verta ein slik modell.”

Konklusjon: Det vert i planlegginga teke høgd for eitt kontor for LMS. Det må elles leggjast tilrette for bruk av lokale til opplæring og trening.

2.4 Røntgen

I rapporten "Betre saman" er røntgen omtalt som viktig for å gi støtte til medisinske vurderingar og for å hindra innleggingar på sjukehus. Løysinga kan i følgje rapporten vera "at det vert etablert ein satellitt av Radiologisk avdeling ved Helse Bergen som kan drive polikliniske tenester på dagtid og serve legevakt på Fjell samt det lokalmedisinske senteret på ettermiddag."

Samstundes går det fram av rapporten at denne løysinga vert svekka av det faktum at det samla røntgentilbodet i Helse Bergen har tilfredstillande kapasitet.

Denne situasjonen har vore drøfta med Helse Vest som har det overordna ansvaret for den samla røntgenkapasiteten. Dei har utfordra Helse Bergen til å vurdere problemstillinga og skissera ei mogeleg løysing innanfor noverande kapasitetsgrenser. I møte mellom prosjektet og Helse Bergen kom det fram at det er uaktuelt med eit lokalt røntgentilbod avgrensa til pasientar ved lokalmedisinsk senter. Radiologisk avdeling ved Haukeland universitetssjukehus driv godt og ein er difor spørjande til effekten av å etablere eit fullskala røntgentilbod på Straume til ein geografisk avgrensa del av "røntgen-marknaden". I juni d.å. har Helse Bergen likevel søkt om midlar til ei grundig vurdering av eit slikt fullskala røntgentilbod på Straume og Helse Vest har no i haust svara ja på søknaden.

Konklusjon: Om det vert eit røntgentilbod på Straume, er førebels uavklart. Ei fagleg vurdering vil verta gjort i dei næraste månadene. I planlegginga av bygget må ein difor ta høgd for den uavklarte situasjonen.

2.5 Dialyse

Dialyse er behandling av pasientar med framskriden nyresvikt der ein fjernar avfallsstoff og vatn frå blod som sirkulerer utanfor kroppen. Behandlinga vert gjort på sjukehus og tek 4 timar 3 gonger i veka pr pasient. Haukeland sin kapasitet er nær på sprengt medan tal pasientar aukar med 30 – 40 pr år. Ei fersk statleg utgreiing tilrår meir desentraliserte løysingar.

Dialyse er ikkje omtala i rapporten "Betre saman". Temaet er teke opp i etterkant. Det vert for tida arbeidd med ei mellombels løysing lagt til eit husvære i Straume bu – og servicesenter. Drifta vert organisert som ein satellitt underlagt Haukeland sjukehus. Denne piloten med 5 dagplassar (behandlingsstolar) vil vera i drift pr desember 2010 i eit areal på ca 80 m². Pilot-tilbodet vil gi kortare transport for pasientar frå vårt område, trygg behandling i rolege omgivnader og ein kapasitetsauke til ein rimeleg penge. Tilbodet vert klart for mottak av dei første pasientane den 18.10.2010.

Den varige løysinga vil verta lagt til det lokalmedisinske senteret med nokre fleire plassar. Dialyse-avdelinga vil ta del i den detaljerte planlegginga og gjennom den prosessen fastsetja dei framtidige rammene for tilbodet.

Konklusjon: Dialyse er eit sjukehusstilbod som vil verta lagt til det lokalmedisinske senteret. Rammene for tiltaket vil verta fastsett i samband med den fysiske planlegginga.

2.6 Bynær fødestove

Helse Bergen og Fjell kommune har utgreidd prosjektet JordmorHeim avgrensa til Fjell kommune i den første fasen. Prosjektet er nær på fullfinansiert og tilrettelegginga har starta opp med det siktemål å gjera tilbodet tilgjengeleg for dei fødande frå 01.01.2011. Seinare er det aktuelt å utvida prosjektet til heile regionen om det er interesse for det. Dette prosjektet krev ikkje særskilde lokale i det nye lokalmedisinske senteret.

Det vert også drøfta om ein skal starta opp med å utgreia ei bynær fødestove. Ei naturleg lokalisering av ei slik fødestove er det lokalmedisinske senteret.

Konklusjon: Det er førebels uavklart om ei slik bynær fødestove er aktuell.

2.7 Andre aktuelle funksjonar

I etterkant av rapporten "Betre saman" har det stundevise vore drøfta om det er aktuelt å auka omfanget til den intermediære eininga ved inkludera fleire pasientgrupper enn dei ortopediske og nevrologiske pasientane. I så måte har det vore nemnt pasientar både frå det medisinske, hjerte – og kirurgiske fagfeltet. Også polikliniske tenester kan tenkjast lagt til senteret. Dette er tema som treng avklaring i tida som kjem.

Konklusjon: Det er førebels uavklart om det også er andre funksjonar som spesialisthelsetenesta kan tenkja seg lagt til det lokalmedisinske senteret.

3. Økonomiske tilhøve for å realisera lokalmedisinsk senter

Pilotprosjektet er realisert i forkant av samhandlingsreforma og dei samla drifts – og kapitalutgifter (husleige) første driftsår på ca 4,5 mill er finansiert slik:

- 1,0 mill i tilskot frå staten
- 3,5 mill er fordelt likt mellom kommunane og Helse Bergen.
- Dei 4 kommunane fordeler sin del av utgiftene (dvs 1,75 mill) etter folketalet. Dessutan har kommunane fått 0,6 mill i tilskot frå fylkesmannen slik at berre 1,15 mill står att som kommunal eigenfinansiering.
- Finansieringa er med andre ord eit godt spleiselag.

Då Stortinget i april 2010 behandla samhandlingsreforma var finansieringa av reforma ikkje avklara. Regjeringa sette ned eit utval av statssekretærar frå helse-, kommunal-, finans- og kunnskapsdepartementet i slutten av mars 2010 for å arbeida med dette. Arbeidet skal vera avslutta denne hausten med påfølgjande behandling i Stortinget. Det vil neppe verta slik at reforma utelukkande vil verta finansiert med ekstra statlege kroner. Både kommunane og Helse Bergen må vera budd på også å henta midlar frå eigen pengesekk.

Konseptet for finansieringa av det nye lokalmedisinske senteret vil vera det same som for pilotprosjektet; kommunane og Helse Bergen må saman finansiera drifts – og kapitalutgiftene etter ei fordeling aktørane vert samde om. Fjell kommune vil vera huseigar og stå for låneopptak til bygget. Finansieringa av samhandlingsreforma vil berre setja aktørane i god eller mindre god stand til å prioritera aktuelle samhandlingstiltak. Nedanfor vert det gjeve ei skisse til finansieringsopplegg som må justerast når Stortinget har avklart finansieringa av samhandlingsreforma.

For den **intermediære eininga** med senger for etterbehandling og observasjon legg ein førebels til grunn ei lik fordeling av utgifter mellom Helse Bergen og kommunane. Kommunane fordeler sine utgifter etter folketalet med høve til å avrekna ved store avvik.

Finansieringa av **rehabiliteringseininga** er ei utfordring. Samhandlingsreforma legg opp til å overføra ein god del av dei pasientane som i dag vert behandla i spesialisthelsetenesta til

kommunane. Spesialisthelsetenesta sitt ansvar i framtida vil i hovudsak vera tiltak som krev spesialkompetanse eller spesialutstyr samt utgreiings – og rettleiingsansvar. Rehabilitering vert såleis meir ei kommunal og interkommunal oppgåve. Likevel vil det vera gråsoner og behov for tett samhandling for å nytta felles kompetanse.

Dei økonomiske konsekvensane av dette er ikkje avklart enno og i påvente av dette kan ei finansieringsløyising vera slik:

- Kommunane må vera budd til å dekkja det meste av utgiftene etter ei fordeling bygd på folketalet.
- Det vert teke eigenbetaling i tråd med praksis i rehabiliteringsinstitusjonar og kortidsplass/dagplass i kommunehelsetenesta.
- Helse Bergen dekkjer ein mindre del knytt til gråsone/samhandling.

Lokalt lærings – og meistringssenter er i sin natur førebyggjande helsearbeid og ei framtidig kommunal oppgåve dvs 100% kommunal finansiering med fordeling etter folketal.

Røntgentenester er eit ansvar lagt til spesialisthelsetenesta og vert å finansiera 100% av Helse Bergen dersom det vert etablert på Straume. Fjell kommune har som vertskommune sagt seg villig til å finansiera opp mot 20 mill i utstyr.

Dialyse er også eit spesialistansvar og vert å finansiera 100% av Helse Bergen.

Bynær fødestove er eit uavklart prosjekt. Ansvar for utgiftsdekning ligg hjå Helse Bergen.

4. Kommunale funksjonar i Fjell kommune lagt til bygget

4.1 Sjukeheimsplassar

Ei politisk styringsgruppe har arbeidd med den vidare utviklinga av Fjell kommune sine omsorgstenester. Det vert m.a. tilrådd å etablera 20 sjukeheimsplassar på Straume i det same bygget som skal husa det lokalmedisinske senteret.

Konklusjon: Det må leggjast til rette for 20 sjukeheimsplassar i bygget. Desse vert 100% finansiert av Fjell kommune.

4.2 Legesenter

Kommunen er blitt kontakta av fastlegar på Straume som ønskjer å avvikla solo-praksis/ein kombinert lege-praksis – i alt 4 legeheimlar – og flytta dei over i nye lokale i helseområdet til kommunen. I tillegg kjem etablering av ein heimel for å avhjelpa dei legane som har altfor mange listepasientar. Det er også ønskjeleg å leggja til rettes for 1 turnuskandidat.

Konklusjon: Det må setjast av areal i bygget til 6 legepraksisar. Desse vert 100% finansiert av legane sjølve.

5. Oppsummering

Dei funksjonar som skal inn i det nye lokalmedisinske senteret er i stor grad avklara dvs

a) 10 senger til etterbehandling av ortopediske og nevrologiske pasientar,

- b) 4 observasjonssenger,
- c) opp til 10 rehabiliteringssenger samt 16 dagplassar til rehabilitering,
- d) tilrettelegging for lokalt lærings – og meistringssenter med eitt kontor og bruk av møterom
- e) satellitt for dialysebehandling

I tillegg er det avklart at kommunale funksjonar i Fjell skal inn i det same bygget i form av 20 sjukeheimsplassar. Privatpraktiserande legar på Straume har også vist si interesse for flytting til det planlagde nybygget.

Det som er uavklart gjeld mogeleg røntgenteneste lokalisert til senteret. Helse Bergen har fått midlar frå Helse Vest til ei grundig vurdering av dette i nær framtid. I tillegg er det uavklart om spesialisthelsetenesta vil tilrå å leggja andre funksjonar til nybygget inkludert ei bynær fødestove.

Fjell kommune har sett av eigen intern byggkompetanse som er budd til å starta opp den fysiske planlegginga i desember 2010 saman med ei breitt samansett styringsgruppe og god kontakt med fagfolk under vegs. Med slik oppstart kan bygget stå ferdig i løpet av 2013. Alle kommunane vil verta inviterte med i styringsgruppa. Det same gjeld sjølvstøtt for Helse Bergen. Ein har god røymsle med slik planlegging m.a. frå gjennomføringa av Øyane DPS som no er under bygging på nabotomta til lokalmedisinsk senter. Ekstern arkitekt vil verta kopla på prosjektet gjennom anbod. Tanken er å starta opp arbeidet med funksjonsanalyse og romprogram for dei funksjonane som er avklart (sjå a-e framom) for så å inkludera mogeleg andre funksjonar seinare. I planlegginga vil det verta lagt til rettes for utviding.

Dette notatet er ei løypemelding med utgangspunkt i eit mandat gjeve frå kommunestyra i dei 4 kommunane og leiinga i Helse Bergen. I mandatet heiter det m.a. at prosjektgruppa skal planleggja innhald og organisering av det lokalmedisinske senteret. Løypemeldinga viser status for planlegginga pr oktober 2010 og at vi nærmar oss fasen for den fysiske planlegginga. Når rammene omkring prosjektet ligg føre i form av funksjonsanalyse med romprogram og bygg – og driftskalkylar er det naturleg at partane i samhandlingsprosjektet gjer bindande, formelle vedtak. I høve til denne løypemeldinga er det viktig for prosjektgruppa å få eventuelle merknader til innhaldet frå Regionråd Vest, kommunane og Helse Bergen.

Med helsing

Svein Fjelland
spesialrådgjevar

SLUTTRAPPORT

FORPROSJEKT

”FELLES ANSVAR”

INNHALD:

1.	Innleiing	3
2.	Bakgrunn	3
3.	Organisering av forprosjekt.....	3
4.	Målsetting frå styringsgruppa.....	4
5.	Mandat frå styringsgruppa	4
6.	Forprosjektgruppa sitt arbeid	5
	Visjon	5
	Målsetning	5
	Avgrensing av prosjektet.....	6
	Innhald i prosjektet og målgruppe.....	6
	Bidragsytarar i prosjektet	6
	Rolleavklaring og krav til frivillige.....	7
	Organisering av ”felles ansvar”	7
	Dimensjonering av prosjektet og kvalifikasjonskrav	8
	Korleis få aktuell ungdom til felles ansvar.....	8
	Budsjett.....	9
	Frå forprosjekt til realisering	9
	Evaluering av ”felles ansvar”	9
7.	Forprosjektgruppa si samla innstilling	10
	Visjon	10
	Målsetning	10
	Avgrensing av prosjektet.....	10
	Innhald i prosjektet og målgruppe.....	10
	Bidragsytarar i prosjektet	10
	Rolleavklaring og krav til frivillige.....	11
	Organisering av ”felles ansvar”	11
	Dimensjonering av prosjektet og kvalifikasjonskrav	11
	Korleis få aktuell ungdom til felles ansvar.....	11
	Budsjett.....	11
	Frå forprosjekt til realisering	12
	Evaluering av ”felles ansvar”	12

1. Innleiing

Forprosjektgruppa har gjennomgått mandatet frå styringsgruppa og har vurdert og konkludert på dei einskilde punkta.

Samla sett vurderer forprosjektgruppa det føreliggjande tiltaket som positivt og tenleg for den tilrådde målgruppa.

Forprosjektet ser at denne type samhandling mellom kommunar, frivillig sektor og næringslivet kan vera rette vegen å gå. Det er på det reine at kommunane sjølv ikkje kan fiksa alt. Det vil difor vera viktig å invitera lokale samfunnsaktørar til å bidra på ulike måtar for å få til ønska utvikling utover dei lovpålagte oppgåvene som kommunane sjølv må ta hand om.

Felles Ansvar prosjektet kan vera eit slikt tiltak.

Forprosjektet vil presisera at når det gjeld kontakt mot næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og marknadsføring i media, har forprosjektgruppa overlevert desse oppgåvene til prosjektleiaren. Prosjektleiaren leverer difor eigen rapport som omhandlar desse tema.

2. Bakgrunn

Forslag til prosjekt vart første gong initiert i Politirådet.

Regionrådet Vest som omfattar kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy bestemte å gjennomføra eit forprosjekt som skulle vurdere etablering av eit prosjekt med samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar i regionen for å kunna skapa eit betre og meir optimalt tilbod for risikoutsett ungdom og unge kriminelle. Dette regionale samarbeidstiltaket har vi kalla for "Felles Ansvar" prosjektet.

I rådmannsmøte 10. februar 2010, sak 5 – Barn og unge, prosjekt initiert av lensmannen, står det: *Ønsker å engasjere Anette Lilletvedt 1/2 år. Prosjekt defineres til: Ungdom som har vært i kontakt med politiet. Lage mandat og organisasjon rundt prosjektet. Øygarden vertskommune for engasjement. Finansieres pr. innbygger som konkludert i Politirådet.*

3. Organisering av forprosjekt

Forprosjekteigar:

Regionråd Vest

Styringsgruppe for forprosjekt:

Rådmann Torgeir Sæter, Øygarden

Rådmann Gerhard Storebø, Sund

Rådmann Steinar Nesse, Fjell

Rådmann Odd Magne Utkilen, Askøy

Forprosjektgruppe:

Anna Nesje Nes, einingsleiar for Familiens hus Øygarden

Vidar Sangolt, leiar for NAV Øygarden

Inge Ekerhovd, einingsleiar hjelpetenesta Sund
Anette Børnes, ungdomsdiakon Sund
Tove Helleland, sosialsjef Fjell
Lillian Torsvik, servicetorgsjef Fjell
Pål Albro, spesialkonsulent NAV Askøy
Rune Hauge, ungdomskontakt Askøy

Prosjektleder:

Anette Lilletvedt

Dokumentasjon frå forprosjektgruppa:

- Sluttrapport med oppsummerte forslag til innstilling
- Vedlegg til sluttrapport:
 - o Forslag til prosjektplan for 3-årig gjennomføringsprosjekt
 - o Forslag til organisasjonsmodell
 - o Eigen sluttrapport frå prosjektleder

4. Målsetting frå styringsgruppa

Prosjektet "Felles ansvar" skal utgreie felles kriminalitetsførebyggjande tiltak i region vest for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

Målgruppa er ungdom som har vert i kontakt med politiet, samt identifisert utsett ungdom knytt til rus/kriminalitet som krev tilpassa førebyggjande tiltak.

Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som samordna del av heilskapelege tiltak i kommunane.

5. Mandat frå styringsgruppa

Styringsgruppa har gitt forprosjektet slikt mandat:

- a) Motivere og legge til rette for regionalt samarbeid mellom kommunane, næringsliv og kyrkjelege/frivillige aktørar.
- b) Sjå til at tiltak kan tilpassast eksisterande tiltak i dei ulike kommunane, slik at prosjektet inngår som del av ein heilskap
- c) Klargjere nærare avgrensingar på målgruppe.
- d) Utarbeide finansieringsplan gjennom til dømes:
 - a. Bidra til å skaffe til veie midlar frå næringsliv eller andre
 - b. Framlegg om omdisponering av kommunale midlar knytt til målgruppa
- e) Utarbeide forslag til organisering og leiing av tiltak, inkludert medverknad frå dei ulike aktørane
 - a. Komme med framlegg på dimensjonering av tilsette, frivillige deltakarar og andre
 - b. Utarbeide framlegg til driftsbudsjett/økonomiske rammer
- f) Identifisere potensielle kandidatar/eldsjeler som eventuelt kan drive prosjektet
- g) Utarbeide forslag til lokaliseringar i regionen

- h) Lage ein rapport som kan leggjast fram for kommunestyra med forslag på realisering av gjennomføringsprosjekt
- i) Lage ein samla sluttrapport til prosjekteigar

6. Forprosjektgruppa sitt arbeid

Visjon

Forprosjektgruppa har drøfta visjonen for tiltaket "Felles Ansvar" slik den er formulert i forslag til prosjektplan. Gruppa meiner det har vore viktig å ha ein visjon for tiltaket som går noko lenger enn det er realistisk å tru kan gjennomførast i løpet av eit 3-årig prosjekt. Visjonen er viktig for å skapa engasjement for prosjektet både i høve frivillige lag og organisasjonar og i høve næringsliv og andre som kan vera aktuelle bidragsytarar for å få gjennomført prosjektet.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa sluttar seg til prosjektet sin visjon i eit langsiktig perspektiv, men vil presisera at visjonen strekkjer seg langt utover det som er realistisk å få til innanfor ein 3-årig prosjektperiode.

Målsetning

Den opphavlege målsetninga med prosjektet er drøfta i forprosjektgruppa. Å identifisera personar som har vore i kontakt med politiet eller identifisera utsett ungdom knytt til rus/kriminalitet som krev tilpassa førebyggjande tiltak er etter forprosjektgruppa si vurdering både uheldig og kan vera i strid med teieplikta når prosjektet skal drivast utanfor politi og fagetatane. Dessutan kan ungdom som deltek i prosjektet få på seg ein ganske synleg "merkelapp" som forprosjektgruppa meiner er særst uheldig.

Forprosjektgruppa har hatt mange drøftingar og ulike synspunkt på val av formulering, men er samla om at vi ønskjer at målsettinga for gjennomføringsprosjektet vert formulert litt meir generelt slik at vi unngår både stigmatisering og mistankar om brot på teieplikta hos politi og fagetatar. Tanken bak vil likevel vera å unngå at ungdom gjer val som inneber rus og kriminalitet.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa føreslår slik målsetting for gjennomføringsprosjektet:

Prosjektet "Felles ansvar" skal vera eit felles rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i regionen, lokalisert i kvar av kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

Målgruppa er ungdom med behov for å byggja relasjonar over tid i små grupper med trygge vaksne som grunnlag for positiv utvikling.

Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som ein del av heilskaplege tiltak i kommunane.

Avgrensing av prosjektet

Forprosjektgruppa har drøfta omfang av prosjektet med bakgrunn i eit 3-årig gjennomføringsprosjekt og kome fram til at det i starten er tenleg å ha berre eit regionalt førebyggjande tiltak, men med lokalisering i kvar av kommunane Sund, Øygarden, Askøy og Fjell. Bakgrunnen for eit slikt val, er at det kan vera ei føremon å først prøva ut eit enkelt tiltak før ein eventuelt utvidar med fleire dersom det er behov for og ressursar til å utvida tilbodet. Sjå nærare omtale i vedlagte forlag til prosjektplan.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at ein avgrensar prosjektet til å satse på berre eit felles regionalt tiltak lokalisert i kvar av kommunane Sund, Øygarden, Askøy og Fjell. Prosjektet kan seinare utvidast med fleire tiltak ut frå behov og ressursar.

Innhald i prosjektet og målgruppe

Prosjektgruppa har drøfta ulike alternativ i høve innhald og målgruppe. Med fokus på tidleg intervensjon og omsynet til å unngå stigmatisering, har prosjektgruppa samla seg om å prioritera eit rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak retta mot risikoutsett ungdom. Når det gjeld innhald i tiltaket, har prosjektgruppa vurdert dette opp mot eksisterande tiltak og freista finna eit innhald som kan supplera dei tiltaka som allereie eksisterer i dei respektive kommunane. Forprosjektgruppa ser at det kan vera behov for eit tiltak for enkelte ungdommar der dei kan få utvikla relasjonsbygging over tid i små grupper saman med trygge vaksne. Ungdom, som folk flest i samfunnet, er unike individ kvar på sin måte. Enkelte finn seg til rette og byggjer relasjonar i store grupper medan andre treng mindre grupper for å finna seg til rette, der dei føler seg trygge til å kunna byggje relasjonar med andre og utvikla seg i positiv retning. Vi ser for oss ein "ressursbank" med frivillige frå etablerte lag og organisasjonar som skal driva tiltaket. Sjå nærare om innhald og målgruppe i vedlagt forslag til prosjektplan for det 3-årige gjennomføringsprosjektet.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at "Felles Ansvar" i eit eventuelt 3-årig gjennomføringsprosjekt vert eit rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for risikoutsett ungdom der dei kan byggja relasjonar over tid i små grupper saman med trygge vaksne. Eit slikt tiltak vil vera utfyllande i høve eksisterande tiltak og kan inngå som samordna del av heilskapelege tiltak i kommunane.

Bidragstatarar i prosjektet

Prosjektet utfordrar næringslivet og frivillige lag og organisasjonar til å ta på seg eit særleg samfunnsansvar i samarbeid med kommunane, for å redusera risikoen for at ungdom hamnar i rus- og/eller kriminelle miljø.

Tiltaket "Felles ansvar" føreset eit stort frivillig engasjement for gjennomføring og drift av tiltaket, samt økonomiske midlar frå næringsliv og andre private bidragstatarar. Det er lagt til grunn at kommunane i regionen på si side skal bidra med årlege tilskot til prosjektet. For å realisera tanken om ein frivillig "ressursbank", vil det vera mest tenleg at ein organisasjon med medlemmar i alle dei fire samarbeidskommunane tek på seg ansvaret med å etablere ein slik "ressursbank". Vi ser likevel at det også kan vera ei løysing dersom fleire frivillige organisasjonar samarbeider om ein slik "ressursbank" og tek på seg eit felles ansvar for drifta av gjennomføringsprosjektet.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa meiner det er ein føresetnad for gjennomføring av prosjektet at både kommunane, næringsliv, andre bidragsytarar og ein eller fleire frivillige organisasjonar inngår eit forplikande samarbeid om gjennomføring av eit 3-årig prosjekt. Sjå eigen sluttrapport frå forprosjektleiaren der aktuelle aktørar er omtala.

Rolleavklaring og krav til frivillige

Det er viktig å vera tydeleg på skilje mellom kommunane som ansvarleg for lovpålagte oppgåver knytt til målgruppa og den rolla "Felles Ansvar" kan ha i form av ei rein medmenneskeleg og frivillig rolle.

Forprosjektgruppa har sett det som viktig å avklara bidragsytarane sine roller i prosjektet. Vi ser for oss eit samarbeid med kommunane og næringslivet som økonomiske bidragsytarar, og frivillige lag og organisasjonar som driftar av prosjektet.

Det vil såleis vera naturleg at både kommunane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar på ein eller annan måte er representert i styringa av eit eventuelt "Felles Ansvar" prosjekt. Dette må takast høgd for ved val av organisasjonsmodell.

Forprosjektgruppa er elles opptatt av at frivillige som skal gå inn i prosjektet, får naudsynt opplæring for å kunna stå i tiltaket på ein god og forsvarleg måte. Det er også ein føresetnad at frivillige som skal driva og/eller ha ei rolle i tiltaket må leggja fram politiattest knytt til arbeid med born og unge. Sjå vedlagte forslag til prosjektplan.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa meiner det er naturleg og viktig at kommunane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar som bidreg i prosjektet er representert i styringa av tiltaket. Val av organisasjonsmodell må ivareta slik representasjon. Det må setjast krav til frivillige i prosjektet at dei gjennomgår opplæring og må leggja fram politiattest.

Felles Ansvar må ta omsyn til den enkeltes behov for tiltak frå det offisielle hjelpeapparatet.

Organisering av "felles ansvar"

Forprosjektgruppa har drøfta ulike modeller for organisering av eit eventuelt 3-årig prosjekt. I tillegg har vi hatt grundige drøftingar om kommunane eller frivillige lag og organisasjonar bør ha eigarskapet i prosjektet. Gruppa har samla seg om at foreiningsmodellen er den beste og mest tenlege og at frivillige lag og organisasjonar som bidreg i prosjektet må ha eigarskapen i prosjektet og ansvar for drifta. Med foreiningsmodellen kan ein også ha lokallag i kvar kommune som skal drifta tiltaket i den einskilde kommune. Kommunane som viktig økonomisk bidragsytar, bør likevel etter prosjektgruppa sitt syn ha representasjon i årsmøtet og kanskje også i styret. Vurderingar som har vore lagt til grunn for val av modell og styremajoritet har vore:

- enkel modell
- lite byråkratisk
- enkel å avvika
- høve til lokale foreiningar i kvar kommune

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at "Felles Ansvar" vert organisert som foreiningsmodell med eigarskap lagt til ein eller fleire frivillige organisasjonar. Det må utarbeidast eigne vedtekter og stiftingsdokument for foreininga i samarbeid mellom partane. Sjå elles vedlagte organisasjonsmodell og forslag til prosjektplan.

Dimensjonering av prosjektet og kvalifikasjonskrav

For å koordinera prosjektet i dei fire kommunane, ha opplæring av frivillige, koordinera tiltaka i kvar av kommunane og ivareta dialog med bidragsytarar, vil det vera naudsynt å tilsetja ein felles koordinator i 100% stilling. I tillegg vil det vera behov for å tilsetja til saman 150% stilling for å ivareta drifta av dei lokale tiltaka i kvar av kommunane. Samla årsverk vil då vera 2,5 årsverk.

Forprosjektgruppa har også drøfta naudsynte kvalifikasjonskrav for tilsette i prosjektet. Når det gjeld felles koordinator i 50% stilling, ser forprosjektgruppa det som viktig at den som vert tilsett har helse-/sosialfagleg kompetanse med tilleggskompetanse innanfor økonomi og administrasjon. I tillegg vil personlege eigenskapar i form av kontaktskapande evner vera avgjerande. For dei lokale gruppeleiarane som skal tilsetjast, vil evna til motivasjon og rettleiing vera avgjerande. Desse tilsette bør ha erfaring frå tilsvarande arbeid.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at det vert tilsett i til saman 2,5 årsverk ved oppstart og at vidare behov vert vurdert ut frå årleg evaluering av tiltaket.

Forprosjektgruppa har også drøfta naudsynte kvalifikasjonskrav for tilsette i prosjektet. Når det gjeld felles koordinator i 50% stilling, ser forprosjektgruppa det som viktig at den som vert tilsett har helse-/sosialfagleg kompetanse med tilleggskompetanse innanfor økonomi og administrasjon. I tillegg vil personlege eigenskapar i form av kontaktskapande evner vera avgjerande. For dei lokale gruppeleiarane som skal tilsetjast, vil evna til motivasjon og rettleiing vera avgjerande. Desse tilsette bør ha erfaring frå tilsvarande arbeid.

Korleis få aktuell ungdom til felles ansvar

Foreldre, lag- og organisasjonar som driv andre tiltak for born og unge, lærarar i skulen, helsestasjon og personale i andre kommunale tenester og fritidstiltak kan anbefala Felles ansvar som aktuelt tiltak til ungdom. Dette vil krevja god marknadsføring av tiltaket. I tillegg kan sjølvsgt ungdom sjølv eller pårørande ta kontakt.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa ser det som viktig med god marknadsføring overfor kommunale og frivillige lag og organisasjonar som jobbar med ungdom, slik at desse er kjent med tiltaket "Felles Ansvar" og kan melda behov for tiltak til aktuelle ungdomar. Det er også viktig å gjera tiltaket kjent for ungdomen sjølv, foreldre og andre pårørande.

Budsjett

Forprosjektgruppa meiner at "Felles Ansvar" må starta i det små og så eventuelt utvikla seg i takt med framtidige behov, basert på årleg evaluering dei første 3 åra. Det vil vera avgjerande at aktivitet og utgifter vert tilpassa inntektene det enkelte år. I forslag til prosjektplan for dei neste 3 åra, er det lagt til grunn eit minimumsbudsjett for første året. Vi legg også opp til å ha ein så liten administrasjon som mulig. For å koordinera dei 4 lokale tiltaka i høve felles "konsept" og ivareta naudsynt opplæring og oppfølging av frivillige i prosjektet, vil det etter forprosjektgruppa si vurdering vera behov for 2,5 årsverk. Ein har då teke høgd for ein felles koordinator i 50% og 50% tiltaksleiar i kvart av dei lokale tiltaka i dei respektive kommunane Fjell, Sund, Askøy og Øygarden.

Forprosjektgruppa har i minimumsbudsjettet lagt til grunn tilskot frå kvar av kommunane. Det kan og vera aktuelt å vurdera andre bidrag frå kommunane i form av lokale og/eller personell. Forprosjektgruppa har drøfta omdisponering av kommunale budsjettmidlar, men har med bakgrunn i eksisterande budsjett ikkje funne konkrete tiltak. Slik eventuell omdisponering må takast stilling til i samband med dei kommunale budsjettbehandlingane.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til eit minimumsbudsjett med 2,5 årsverk første år og eventuell gradvis opptrapping basert på evaluering av drifta, behov for tiltak og høve til auka inntekter. Sjå budsjettoppsett i vedlagte prosjektplan.

Frå forprosjekt til realisering

Forprosjektgruppa har drøfta utfordringar knytt til perioden mellom avslutning av forprosjekt fram til eventuell realisering av eit 3-årig gjennomføringsprosjekt for "Felles Ansvar". Vi ser at det i denne perioden kan oppstå mangel på kontinuitet mellom gjennomført marknadsføring og eventuell gjennomføring, noko som kan innebera risiko for at aktuelle bidragsytarar misser interessa for prosjektet. På den andre sida har forprosjektgruppa og prosjektleiar gjennom heile forprosjektperioden presisert overfor aktuelle bidragsytarar og media at "Felles Ansvar" førebels berre er eit forprosjekt og at det er nødvendig å ha ein prosess både politisk og administrativt før prosjektet eventuelt kan realiserast. Det kan likevel vera tenleg å skriftleg informera dei aktørane som prosjektleiar har vore i kontakt med og eventuelt media, om vidare prosess frå avslutning av forprosjektet til eit eventuelt "Felles Ansvar" prosjekt kan realiserast.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa føreslår at det snarast vert sendt ut eit brev til media og aktørar som prosjektleiar har hatt kontakt med i forprosjektfasen der ein informerer om vidare prosess fram til prosjektet "Felles Ansvar" eventuelt kan realiserast. Vi rår til at forprosjekteigar Regionrådet Vest bør stå som formell avsendar av brevet.

Evaluering av "felles ansvar"

Forprosjektgruppa er opptatt av at tiltaket skal møta eit faktisk behov i målgruppa. Det vil difor vera avgjerande å evaluera prosjektet undervegs for å sjekka ut tal brukarar av tiltaket og måla kva resultat tiltaket har ført til. Målgruppe for evaluering bør vera ungdom som har delteke i tiltaket, foreldre, skule, m.v. Etter 3 år bør prosjektet evaluerast for heile prosjektperioden med tanke på eventuell vidareføring som fast tiltak.

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at det vert gjort ei årleg evaluering i form av statusrapport der det vert gjort greie for tal ungdom i tiltaket, utvikling i behov gjennom året, resultat for den enkelte, m.v. Etter 3 år bør prosjektet evaluerast for heile prosjektperioden med tanke på eventuell vidareføring som fast tiltak.

7. Forprosjektgruppa si samla innstilling

Visjon**Forprosjektgruppa si innstilling:**

Forprosjektgruppa sluttar seg til prosjektet sin visjon i eit langsiktig perspektiv, men vil presisera at visjonen strekkjer seg langt utover det som er realistisk å få til innanfor ein 3-årig prosjektperiode.

Målsetning**Forprosjektgruppa si innstilling:**

Forprosjektgruppa føreslår slik målsetting for gjennomføringsprosjektet:

Prosjektet "Felles ansvar" skal vera eit felles rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i regionen, lokalisert i kvar av kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

Målgruppa er ungdom med behov for å byggja relasjonar over tid i små grupper med trygge vaksne som grunnlag for positiv utvikling.

Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som ein del av heilskapelege tiltak i kommunane.

Avgrensing av prosjektet**Forprosjektgruppa si innstilling:**

Forprosjektgruppa rår til at ein avgrensar prosjektet til å satse på berre eit felles regionalt tiltak lokalisert i kvar av kommunane Sund, Øygarden, Askøy og Fjell. Prosjektet kan seinare utvidast med fleire tiltak ut frå behov og ressursar.

Innhald i prosjektet og målgruppe**Forprosjektgruppa si innstilling:**

Forprosjektgruppa rår til at "Felles Ansvar" i eit eventuelt 3-årig gjennomføringsprosjekt vert eit rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for risikoutsett ungdom der dei kan byggja relasjonar over tid i små grupper saman med trygge vaksne. Eit slikt tiltak vil vera utfyllande i høve eksisterande tiltak og kan inngå som samordna del av heilskapelege tiltak i kommunane.

Bidragstatarar i prosjektet**Forprosjektgruppa si innstilling:**

Forprosjektgruppa meiner det er ein føresetnad for gjennomføring av prosjektet at både kommunane, næringsliv, andre bidragsytarar og ein eller fleire frivillige organisasjonar inngår eit forpliktande samarbeid om gjennomføring av eit 3-årig prosjekt. Sjå eigen sluttrapport frå forprosjektleiaren der aktuelle aktørar er omtala.

Rolleavklaring og krav til frivillige

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa meiner det er naturleg og viktig at kommunane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar som bidreg i prosjektet er representert i styringa av tiltaket. Val av organisasjonsmodell må ivareta slik representasjon. Det må setjast krav til frivillige i prosjektet at dei gjennomgår opplæring og må leggja fram politiattest.

Felles Ansvar må ta omsyn til den enkeltes behov for tiltak frå det offisielle hjelpeapparatet.

Organisering av "felles ansvar"

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at "Felles Ansvar" vert organisert som foreiningsmodell med eigarskap lagt til ein eller fleire frivillige organisasjonar. Det må utarbeidast eigne vedtekter og stiftingsdokument for foreininga i samarbeid mellom partane. Sjå elles vedlagte organisasjonsmodell og forslag til prosjektplan.

Dimensjonering av prosjektet og kvalifikasjonskrav

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at det vert tilsett i til saman 2,5 årsverk ved oppstart og at vidare behov vert vurdert ut frå årleg evaluering av tiltaket. Ein har då teke høgd for ein felles koordinator i 50% og 50% tiltaksleiar i kvart av dei lokale tiltaka i dei respektive kommunane Fjell, Sund, Askøy og Øygarden.

Forprosjektgruppa har også drøfta naudsynte kvalifikasjonskrav for tilsette i prosjektet. Når det gjeld felles koordinator i 50% stilling, ser forprosjektgruppa det som viktig at den som vert tilsett har helse-/sosialfagleg kompetanse med tilleggskompetanse innanfor økonomi og administrasjon. I tillegg vil personlege eigenskapar i form av kontaktskapande evner vera avgjerande. For dei lokale gruppeleiarane som skal tilsetjast, vil evna til motivasjon og rettleiing vera avgjerande. Desse tilsette bør ha erfaring frå tilsvarande arbeid.

Korleis få aktuell ungdom til felles ansvar

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa ser det som viktig med god marknadsføring overfor kommunale og frivillige lag og organisasjonar som jobbar med ungdom, slik at desse er kjent med tiltaket "Felles Ansvar" og kan melda behov for tiltak til aktuelle ungdommar. Det er også viktig å gjera tiltaket kjent for ungdomen sjølv, foreldre og andre pårørande.

Budsjett

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til eit minimumsbudsjett med 2,5 årsverk første år og eventuell gradvis opptrapping basert på evaluering av drifta, behov for tiltak og høve til auka inntekter. Sjå budsjettoppsett i vedlagte prosjektplan.

Frå forprosjekt til realisering

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa føreslår at det snarast vert sendt ut eit brev til media og aktørar som prosjektleiar har hatt kontakt med i forprosjektfasen der ein informerer om vidare prosess fram til prosjektet "Felles Ansvar" eventuelt kan realiserast. Vi rår til at forprosjekteigar Regionrådet Vest bør stå som formell avsendar av brevet.

Evaluering av "felles ansvar"

Forprosjektgruppa si innstilling:

Forprosjektgruppa rår til at det vert gjort ei årleg evaluering i form av statusrapport der det vert gjort greie for tal ungdom i tiltaket, utvikling i behov gjennom året, resultat for den enkelte, m.v. Etter 3 år bør prosjektet evaluerast for heile prosjektperioden med tanke på eventuell vidareføring som fast tiltak eller avvikling avhengig av oppnådde resultat.

 **Felles Ansvar**
MED HJERTE FOR ANDRE

***Snu risikoutsatt
ungdom i tide!***



INNHALD

<u>SAMANDRAG</u>	<u>3</u>
<u>BAKGRUNN</u>	<u>1</u>
<u>PROSJEKTGRUNNLAG</u>	<u>1</u>
<u>VISJON, MÅL OG METODE</u>	<u>6</u>
<u>OMFANG OG AVGRENSINGAR</u>	<u>7</u>
<u>VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR</u>	<u>7</u>
<u>MILEPÆLAR OG HOVUDAKTIVITETAR</u>	<u>8</u>
<u>ORGANISERING AV PROSJEKTET</u>	<u>10</u>
<u>RAPPORTERING</u>	<u>10</u>
<u>KORLEIS TILTAKET SKAL KOMMUNISERAST</u>	<u>11</u>
<u>FINANSIERING AV PROSJEKTET</u>	<u>11</u>
<u>RAPPORTERING</u>	<u>12</u>
<u>EVALUERING AV PROSJEKTET</u>	<u>13</u>
<u>RISIKO I PROSJEKTET</u>	<u>13</u>

SAMANDRAG

Bakgrunn for initiering av prosjektet frå politirådet si side:

Regjeringa ønskjer eit styrka og meir samordna rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid i kommunane. Regionrådet Vest som omfattar kommunane Fjell, Sund, Askøy og Øygarden, ønskjer med bakgrunn i dette å ta på seg eit utvida samfunnsansvar ved å engasjera seg meir effektivt i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.

Målsetning :

Prosjektet "Felles ansvar" skal vera eit felles rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i regionen, lokalisert i kvar av kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som ein del av heilskaplege tiltak i kommunane.

Målgruppe :

Målgruppa er ungdom med behov for å byggja relasjonar over tid i små grupper med trygge vaksne som grunnlag for positiv utvikling.

Metodikk :

Gjennom små faste fritidsgrupper som treffes regelmessig kveld, helg og ferier, skal vi legge til rette for positiv endring hos risikoutsett ungdom. Trygge vaksne frivillige, skal bidra med omsorg, tid, fellesskap og vera til stades for å styrke og støtte ungdommane i å meistre sitt eige liv. Kvar gruppe vil bestå av 8-12 ungdommar, 1 tilsett og 5 frivillige.

Gjennomføring :

Prosjektet har som mål å starte gjennomføringsfasen tidleg i 2011. Prosjektet vil gå over tre år med årleg evaluering.

Organisering :

Prosjektet skal organiserast som foreining der private, offentlege og frivillige aktørar er representert i styret og årsmøtet. Eigarskap og drift er lagt til ein eller fleire frivillige aktørar. Det er lagt til grunn at det i prosjektperioden vert tilsett felles administrativ koordinator i 50% stilling og 4 tiltaksleiarar i 50% stilling i kvar av dei 4 kommunane. Til saman 2,5 årsverk.

Budsjett :

Det er lagt til grunn eit årleg budsjett på vel 2 million, til saman om lag 6,2 million over ein treårs periode.

Samarbeidspartnarar :

Medverkande aktørar : Hordaland idrettskrets
Vest Hordaland prosti
Vest næringsråd
Askøy næringslivsforening
Kommunene, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy,
Hordaland Fylkeskommune,
Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt,

BAKGRUNN

Regionrådet Vest som omfattar kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy, har som mål å fremje eit tettare samarbeid mellom kommunane i regionen, med bakgrunn i felles interesser og utfordringar.

Kriminalitets førebygging er ikkje ei oppgåve for politiet åleine. Skal vi lukkast i å skape eit enda tryggare samfunn, er det nødvendig at politiet samarbeider med kommunane, frivillige organisasjonar og det lokale næringsliv (jf Justisminister Knut Storberget sin uttale i pressemelding 3.6.2010)

Regionrådet ønskjer å spisse det kriminalitetsførebyggjande arbeidet mot risikoutsett ungdom og unge kriminelle med bakgrunn i dei store ungdomskulla i regionen. Pr i dag har vi ca 8500 ungdommar i alderen mellom 13-23 i vår region.

På denne bakgrunn bestemte Regionrådet Vest å etablera eit forprosjekt som skulle greie ut og vurdere eit mulig felles kriminalitetsførebyggjande tiltak i region vest. Tiltaket skulle baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som samordna del av heilskaplege tiltak i kommunane. Rådmennene i kommunane Sund, Øygarden, Askøy og Fjell var styringsgruppe for forprosjektet og utarbeidde mandat for forprosjektgruppa sitt arbeid.

Forprosjektgruppa utarbeidde ein sluttrapport til styringsgruppa med dette forslaget til prosjektplan for eit 3-årig prosjekt, som vedlegg. I tillegg la forprosjektgruppa fram forslag til organisasjonsmodell som vedlegg til sin sluttrapport. Prosjektleiar i forprosjektet leverte eigen sluttrapport til styringsgruppa.

PROSJEKTGRUNNLAG

I fjor haust la regjeringa fram ein sektorovergripande strategi for førebygging. Her heiter det mellom anna :

Ein heilskapleg kriminalitetsførebyggings strategi krev samarbeid med alle gode krefter, både frivillig sektor og lokalt næringsliv. Skal vi lukkast må det samarbeidast på tvers av etatar, profesjonar og organ. Eit styrka samarbeid på tvers, vil gi eit krafttak i kriminalitetsførebygginga. Det dreier seg ikkje berre om å førebyggje kriminalitet, men om å skape eit trygt og inkluderande samfunn som er godt å leve i, der ingen fell utanfor eller blir marginalisert. For å førebyggje best mulig krev det handling på særleg 2 område : Tidlig intervensjon og styrka samarbeid. *(Hentet fra heftet : Gode krefter, Justis- og politidepartementets kriminalitetsforebyggende handlingsplan, 2009)*

Dersom førebyggjande arbeid kan bidra til å hjelpe eit utsett barn på rett spor, vil det ikkje berre spare samfunnet for kostnader - det vil også bidra til betre livskvalitet for den enkelte. I siste instans bidrar det til å skape et samfunn som er betre å leve i for alle. *(Hentet fra heftet Regjeringens satsning på barn og unge i 2010)*

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at 76 % av norsk ungdom er velfungerande og har lite behov for oppfølging frå det offentlege hjelpeapparatet. 20 % kjem derimot innanfor lågrisikogruppa og er ungdom som er i ferd med å droppa ut frå skule og aktiv fritid og som ofte slit på heimebane. Dei siste 4 % er ungdom som kjem inn under høgrisikogruppa. Dette er ungdom som i ung alder ofte utviklar ei karriere innan rus og kriminalitet og som er i hyppig kontakt med offentlege hjelpetenester.

Det offentlige hjelpeapparatet har registrert ei auke på ca 35 % på tal ungdom dei 10 siste åra (NOU 2009:22). Hovudproblemet til utsette barn og unge er utrygge oppvekstvilkår, psykiske vanskar, lærevanskar og åtferdsvanskar. Skal vi klare å snu denne utviklinga, må vi betra det førebyggjande arbeidet. Offentlege instansar opererer innanfor tronge økonomiske rammer og kan derfor ikkje løyse alle disse utfordringane åleine. Vi vil derfor utfordre frivillig sektor i regionen, til å gjera ein meir omfattande innsats i forhold til denne målgruppa. Dette vil krevje styrka samhandling mellom offentlege tenester, frivillige og private aktørar.

Vi har ingen grunn til å tru at våre 4 kommunar skil seg frå resten av landet med tanke på omfanget av tal risikoutsette barn og unge. Ut frå statistikken kan vi derfor anta at vi har ca **2040** ungdom som er i risikosona i vår region der 340 av desse truleg er i høyrisikogruppa.

VISJON, MÅL OG METODE

Visjon :

- Felles Ansvar sin visjon er å styrke samhandlinga mellom offentlege, private og frivillige aktørar, for å bidra til eit trygt og inkluderande lokalsamfunn som er godt å leve i, der ingen barn og unge faller utanfor.

Målsetting :

- Prosjektet "Felles Ansvar" skal vera eit felles rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i regionen, lokalisert i kvar av kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.
- Målgruppa er ungdom med behov for å byggja relasjonar over tid i små grupper med trygge vaksne som grunnlag for positiv utvikling.
- Tiltaket skal baserast på samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommunane, og inngå som ein del av heilskapelege tiltak i kommunane.

Hovudmål :

- Felles Ansvar skal primært vera eit tilbod for ungdom etter skuletid
- Felles Ansvar skal etablera og setja i gong drift av små, faste, samhandlingsgrupper for risikoutsett ungdom i alle dei 4 kommunane i regionen.
- Gjennom disse faste gruppene, vil vi styrke ungdommen sin emosjonelle og sosiale kompetanse, samt styrke ungdom sitt sjølvbilde og oppleving av meistring.
- Vi vil anerkjenne ungdom der dei er og ikkje berre i potensialet til å forandre seg
- Vi vil styrke og støtte ungdom i å meistre sitt eige liv og komme i gang med å gjenskape god forbindelse med heim, skule og ei aktiv fritid.

Arbeidsmetode :

- Vi trur på endring gjennom tett relasjonsbygging og stabilitet over tid, gjennom anerkjenning og oppmuntring. Stadig stadfesting av det positive hos den enkelte, skal skape positiv endringsvilje.
- Ved hjelp av trygge vaksne vil vi leggje til rette for gode meistringsopplevingar, identitetsbygging og sosial tilhøyring.
- Ved å bidra med omsorg, tid, nærvær og fellesskap, vil vi leggje til rette for ein betre kvardag for den enkelte.
- Vi ønskjer å utvikle ungdom sine sosiale ferdigheiter i forhold til bl.a. problemløysing, konflikthandtering, sinnemeistring og sjølvkontroll. Vi vil øve på ulike tema gjennom det nære sosiale fellesskapet som skal etablerast for kvar enkelt gruppe.

OMFANG OG AVGRENSINGAR

Felles Ansvar prosjektet skal ikkje erstatte eksisterande tenester, men er meint å vera eit verdifulle supplement som kan inngå som heilskapleg del av eksisterande tilbod og tenester i regionen.

Rolleavklaring

- Det er viktig at styret og deltakarane i prosjektet er klår over skilje mellom kommunane som ansvarleg for lovpålagte oppgåver knytt til målgruppa og den rolla "Felles Ansvar" kan ha i form av ei rein medmenneskeleg og frivillig rolle.

Krav til frivillige og tilsette

- Frivillige og tilsette som skal delta i prosjektet må få naudsynt opplæring for å kunna stå i tiltaket på ein god og forsvarleg måte. Det er også ein føresetnad at frivillige og tilsette som skal driva og/eller ha ei rolle i tiltaket må leggja fram politiattest knytt til arbeid med born og unge.
- Felles Ansvar må ta omsyn til den enkeltes behov for tiltak og oppfølging frå det offentlege hjelpeapparatet.

Rekruttering av ungdom til prosjektet

- Det er viktig at prosjektet vert marknadsført for kommunane og frivillige lag og organisasjonar som jobbar med ungdom, slik at desse er kjent med tiltaket "Felles Ansvar" og kan melda behov for tiltak til aktuelle ungdommar. Det er også viktig å gjera tiltaket kjent for ungdommen sjølv, foreldre og pårørande.

VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR

- **Offentlege samarbeidspartnarar:**
 - Skulane, barneverntenesta, NAV kommune, helsetenesta, kultur og fritid, politiet, kriminalomsorga, konfliktrådet og andre relevante kommunale tenester. I tillegg Hordaland fylkeskommune og andre offentlege instansar.
- **Aktuelle private samarbeidspartnarar :**

- Næringslivet (Diverse bedrifter)
 - Vest næringsråd
 - Askøy næringslivsforening
 - Private fond og stiftingar
- **Aktuelle frivillige samarbeidspartnarar :**
 - Hordaland idrettskrets/Lokale idrettslag
 - Vest Hordaland prosti/lokale kyrkjelege aktørar
 - Røde kors
 - Norsk folkehjelp
 - MOT (holdningsskapande program i skule og fritid)
 - IOGT/JUVENTE (Fråhaldsorganisasjonar)
 - LIONS/KIWANIS/ROTARY
 - Kirkens sosialtjeneste
 - Andre ideelle organisasjonar

MILEPÆLAR OG HOVUDAKTIVITETAR

Framdrift i gjennomføringsfasen :

Under føresetnad av gjennomføring frå årsskiftet 2011, har forprosjektgruppa lagt til grunn slik framdrift.

Januar 2011 til juli 2011 :

Bemanning og organisering, informasjon og opplæring

- I starten av første halvår skal det etableres en forening hvor offentlig, privat og frivillig sektor blir likt representert.
- Eierskap og drift skal legges til en eller flere frivillige organisasjoner
- Det skal utarbeides vedtekter, rammer og planverk for det videre arbeidet
- Det skal utarbeides innhold, struktur og rutiner for kveldssamlingene og helgesamlingene som skal igangsettes det neste halvåret
- Det skal ansettes en prosjektleder i 50% stilling og 4 prosjektmedarbeidere i 50% kvar
- Det skal avgjøres hvor prosjektet skal ha sitt hovedlokale og hvor de lokale avdelingene skal være lokalisert i kommunene
- Det skal skaffes en oversikt over alle aktuelle lokale og sentrale aktører som det vil være nyttig å samarbeide med både innen offentlig, privat og frivillig sektor.
- Arbeidet med å rekruttere og kurse frivillige skal igangsettes.
- Det skal holdes informasjonsmøter for aktuelle samarbeidspartnarar

Juli 2011 til januar 2012 :

Oppstart og gjennomføring av tiltak - evaluering

- I starten av andre halvår skal etablering av dei faste gruppene i kvar kommune ha oppstart
- Prosjektleder og gruppelederne skal fordele ungdommene i de forskjellige gruppene ut i fra den enkeltes spesifikke behov og ståsted
- Det skal etableres 4 team med frivillige som skal knyttes opp mot de forskjellige samhandlingsgruppene
- Det skal holdes motivasjonsmøter og kickoffmøter
- Det skal arrangeres en ukes ferietur for alle gruppene
- Årleg evaluering

Januar 2012 til juli 2012 :

Identitetsbygging og evaluering

- Fortsette drift av samhandlingsgruppene med ukentlige samlinger og kvartalsvise helger
- Gjennomføres en storsamling for alle de frivillige for å evaluere prosessen så langt og for å motivere og følge opp de frivillige
- Etablere kontakt med et privat kommunikasjons- og design firma som skal følge prosjektet et år for å lage en video/presentasjon av prosjektet
- Arrangere en ukes ferietur for alle samhandlingsgruppene

Juli 2012 til januar 2013

Motivasjon og kompetansebygging

- Fortsette drift av samhandlingsgruppene med ukentlige samlinger og kvartalsvise helger.
- Etablere kontakt med en forskningsinstans som kan evaluere og forske på effekten av tiltaket det siste året i prosjektperioden
- I samarbeid med aktuell forskningsinstans utarbeide en forskningside/strategi som skal være klar til januar 2013
- Holde motivasjonsseminar for offentlige aktører for å opprettholde en nær og god dialog med aktuelle offentlige instanser
- Holde motivasjonsseminar for alle sponsorene som er med i prosjektet, samt for evt nye potensielle sponsorer for å ivareta og opprettholde interessen fra disse aktørene
- Årleg evaluering

Januar 2013 til juli 2013 :

Forskning

- Starte forskningsarbeidet i forhold til driften av samhandlingsgruppene

- Fortsette driften av samhandlingsgruppene, samt oppfølgingen og motivasjonen av de frivillige
- Gjennomføre en ukes ferie med samtlige samhandlingsgrupper

Juli 2013 til januar 2014 :

Evaluering og sluttrapport

- Fortsette drift av samhandlingsgruppene, samt oppfølging og motivasjon av de frivillige
- Gjennomføre et motvasjons/ evalueringsseminar hvor frivillige, private og offentlige aktører blir invitert til å bli med
- Samle og organisere data til sluttrapport. Skrive og levere sluttrapport

ORGANISERING AV PROSJEKTET

Prosjektet skal organiserast som foreining der offentlege, private og frivillige aktørar blir representert. Årsmøtet skal ha 10 medlemmer, 4 medlemmer vald av prosjekteigar som er ein eller fleire frivillige organisasjonar, 1 medlem vald frå kvar av kommunane i regionen, 2 medlemmar frå næringslivet og 1 representant frå Lensmannsdistriktet. 2 representantar frå kommunane. Styret skal ha 6- 7 medlemmer, 2 vald av prosjekteigar, 2 vald av kommunane, 1 vald av næringslivet, 1 vald av lensmannsetaten. Eigarskap og drift vil bli lagt til ein eller fleire frivillige aktørar.

Det vil i den 3-årige prosjektperioden bli tilsett ein koordinator i 50 % stilling, samt 1 lokal leiar i 50% stilling i kvar av dei fire kommunane som får ansvar for å leia kvar sine tiltaksgrupper. Til saman 2,5 årsverk. Styret tilset koordinator og lokale leiarar. Det skal utarbeidast stiftingsdokument og vedtekter for foreininga før tiltak vert starta opp.

RAPPORTERING

Leiarane av dei fire lokale tiltaka skal rapportere til koordinator.

Koordinator skal rapportere til styret.

KORLEIS TILTAKET SKAL KOMMUNISERAST

All "offisiell" informasjon om prosjektet skal gjerast av koordinator etter avtale med styret. Spørsmål av prinsipiell karakter skal avgjerast av styret. Det skal lagast retningsliner for kva ansvar og oppgåver som ligg til koordinator og leiarane av dei lokale tiltaka.

FINANSIERING AV PROSJEKTET

Prosjektet skal finansierast ved spleiselag mellom offentlige, private og frivillige aktørar. Budsjettet viser at vi treng vel 6,1 millioner over ein 3-års periode for å få gjennomført tiltaket ut frå prinsippet om eit tiltak i kvar av dei 4 kommunane og ein felles koordinator. Det er då lagt til grunn at det lokale næringslivet bidreg med 1 million årleg og at det offentlege bidreg med vel 1,2 million over 3 år. Resterande finansiering på om lag 1,9 million håper vi å få frå sentrale aktørar som til dømes Visjon Vest, Gjensidigestiftelsen og FERD.

Det vil vera styret sitt ansvar at utgifter er i samsvar med faktisk finansiering kvart enkelt år.

Prosjekteigar vil ha arbeidsgjevaransvar for tilsette i prosjektet.

I forslag til budsjett under, er det lagt til grunn følgjande føresetnader:

- Same aktivitetsnivå er lagt til grunn dei første tre åra
- Det er lagt til grunn 0,5 årsverk for koordinator med ei årsløn på kr. 450.000 inkl. sosiale utgifter og fire halve årsverk for lokale tiltaksleiarar med ei årsløn på kr. 300.000 inkl. sosiale utgifter. Faktisk løn vert fastsett ved tilsetting.
- Dei første tre åra betalar Fjell og Askøy eit tilskot på kr. 70.000 kvar og Sund og Øygarden kr. 50.000 kvar
- Det vil vera rekruttering av frivillige og tal aktuelle ungdommar i den enkelte kommune som vil vera avgjerande for kor mange ungdomsgrupper styret finn å kunna oppretta
- Det er lagt til grunn 4 helgeaktivitetar kvart år i perioden
- Det er lagt til grunn at deltakarane i prosjektet får 1 veke feriereise
- Det er lagt til grunn opplæring av frivillige og tilsette
- Kostnader til leige og drift av lokale
- Det er teke høgd for årleg lønsutvikling og årleg auke i administrasjonskostnader

Budsjett - Felles Ansvar Prosjekt, FAP

	2011	2012	2013	Sum
Utgifter				
Løn, tillegg m.m.	1 072 500	1 105 000	1 138 000	3 315 500
Administrasjonskostnader	150 000	160 000	170 000	480 000
Kurs og opplæring	200 000	200 000	200 000	600 000

Driftsutgifter (husleige, straum, m.v.)	100 000	100 000	100 000	300 000
Inventar og utstyr	100 000	100 000	100 000	300 000
Aktivitetar og tiltak	400 000	400 000	400 000	1 200 000
Sum utgifter	2 022 500	2 065 000	2 108 000	6 195 500

Inntekter, finansiering

Fjell Kommune	70 000	70 000	70 000	210 000
Sund Kommune	50 000	50 000	50 000	150 000
Øygarden Kommune	50 000	50 000	50 000	150 000
Askøy kommune	70 000	70 000	70 000	210 000
Hordaland Fylkeskommune	100 000	100 000	100 000	300 000
Fylkesmannen i Hordaland	100 000	100 000	100 000	300 000
Næringslivet	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Andre	582 500	625 000	668 000	1 875 500
Sum inntekter	2 022 500	2 065 000	2 108 000	6 195 500

RAPPORTERING

Det må leggjast stor vekt på dokumentasjon av resultat i prosjektet. Å inngå samarbeid med ein nøytral forskingsinstans som skal utarbeide nødvendig dokumentasjon, bør vurderast. Viktige resultat å få informasjon om vil vera:

- Felles Ansvar prosjektet har klart å leggja tilrette for auka sosial tilhøyr og styrka sosial kompetanse blant risikoutsett ungdom gjennom dei faste samhandlingsgruppene
- Skule, familie og nærmiljø opplever større grad av trivsel og meistring blant ungdommane og mindre grad av rus og kriminalitet
- Kvaliteten på tilbodet deltakarane har fått, og kva tyding offentlige, private og frivillige aktørar har hatt som premissleverandørar av tilbodet

All dokumentasjon vil hentast i form av standardiserte skjema som skal fyllast ut i forkant av prosjektet og som styringsreiskap undervegs. Skjema vil verta utvikla av koordinator i samarbeid med aktuell forskingsinstans.

Det bør utarbeidast halvårsrapportar basert på dokumentasjonen gjort greie for over. Halvårsrapportane vil danne grunnlaget for endeleg sluttrapport det siste prosjektåret. Frivillige aktørar, skular og andre impliserte vil bli bedt om å produsere egne sluttrapportar som vil bli tatt med i den samla sluttrapporten. Sluttrapporten skal ha ei oppsummering av dokumenterte resultat av tiltaket og tilråding om vidareføring eller avvikling av prosjektet. Ved tilråding om vidareføring skal det liggja føre budsjett for vidareføring og finansiering. Prosjektrapporten skal leverast styret seinast 3 månader før prosjektperioden går ut.

EVALUERING AV PROSJEKTET

Prosjektet skal gjennomføre ei årleg evaluering av tiltaket i form av statusrapport der det vert gjort greie for tal ungdom i tiltaket, utvikling i behov gjennom året, resultat for den enkelte, m.v.

Etter 3 år bør prosjektet evaluerast for heile prosjektperioden med tanke på eventuell vidareføring som fast tiltak eller avvikling.

KVALITETSSIKRING I PROSJEKTET

Det vil vera styret sitt ansvar å sjå til at kvalitetssikringsrutinar er etablert i prosjektet, og at risiko vert vurdert, avdekket og handtert. Nedanfor har forprosjektgruppa lista opp ulike moment som kan vera avgjerande for at gjennomføring av prosjektet skal lukkast. Det vil og vera viktig å leggja vekt på kva verdi Felles Ansvar vil ha for målgruppa og kva samfunnet kan få att for satsinga. Opplistinga nedanfor er ikkje utfyllande.

Føresetnader for å lukkast med gjennomføringa :

- Fagpersoner med ulik bakgrunn og utdanning. Både prosjektleder og prosjektmedarbeiderne må ha nødvendig kompetanse til å kunne handtere risikoutsatt ungdom på en helhetlig og god måte. Rett styrekompetanse må også leggast vekt på
- Forpliktende og strukturert samarbeid mellom frivillige, private og offentlige aktører
- Forebygger rus og kriminalitet ved å styrke nettverket rundt ungdommene i de faste samhandlingsgruppene
- Vera godt forankret i regionrådet Vest som innbefatter de 4 ordførerne og rådmennene i regionen.
- Relasjonsbygging over tid i små faste, oversiktlige fellesskap er etter hvert et kjent og effektivt virkemiddel for å skape positive endringer hos risikoutsatte målgrupper.

Verdi for målgruppen og samfunnsmessig verdi :

- Gje ungdom grunnlag for ein meningsfull kvardag og å meistra eigne liv
- Ungdomen kan verta gode rollemodellar for andre og derved bidra positivt til samfunnsutviklinga

Eventuell vidareføring av prosjektet etter endt prosjektperiode :

Dersom erfaringer og resultat som kommer frem i løpet av prosjektet viser at at prosjektet har nådd forventet resultat, før prosjektet vidareførast. Med forventet resultat meiner vi at prosjektet har vist at frivillighetsarbeid i tett samarbeid med næringslivet og offentlige instanser er et verdifullt supplement til de eksisterende tjenestene i regionen.